Arbeidslivet på Vestlandet er i en omstillingsfase som gir nye muligheter. Departementet forventer at HISF har god kontakt med aktører i regionen og tilbyr relevant grunn-, etter- og videreutdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i tråd med etterspørsel og behov.

### ***Resultater og måloppnåelse***

Departementet har, basert på høyskolens samlede rapportering, gjort en vurdering av institusjonens resultater for de fire sektormålene og styringsparameterne og måltallene som departementet har fastsatt.

Høyskolen har over flere år hatt en gradvis positiv utvikling i søkertall. For å sikre godt kvalifiserte søkere til alle studietilbud, er det likevel nødvendig at høyskolen fortsetter rekrutteringsarbeidet.

Høyskolen kan vise til stabilt høye tall for gjennomstrømming på normert tid på bachelornivå. Høyskolen må fortsette arbeidet med å styrke gjennomstrømmingen på normert tid på mastergradsnivå.

Resultater fra Studiebarometeret viser at mange studieprogram har studenter som er fornøyde med studietilbudet. Departementet er positivt til hvordan høyskolen blant annet vektlegger arbeidet med tidlig og tett oppfølging av studentene for å bidra til kvalitet og god gjennomstrømming.

Departementet understreker at arbeidet med lærerutdanning må stå høyt på styrets dagsorden. Institusjonene som ikke har selvakkrediteringsfullmakt har frist til 15. september 2016 med å søke NOKUT om akkreditering av de nye femårige grunnskolelærerutdanningene. NOKUT har varslet tilsyn med grunnskolelærerutdanningene i 2019.

HiSF ligger over tid noe over gjennomsnittet for statlige høyskoler når det gjelder andelen internasjonalt samfattede artikler. Departementet ser positivt på at høyskolen orienterer seg mot mulighetene i Horisont 2020, og merker seg at HiSF fikk gjennomslag for ett Horisont 2020-prosjekt i 2015.

Høyskolen har fått økende gjennomslag i Forskningsrådet de siste årene, og ligger nå godt over gjennomsnittlig tildeling per faglige årsverk ved statlige høyskolene. De tildelte prosjektene har høy relevans for regionen og er praksisnære.

Den vitenskapelige publiseringen er i positiv utvikling. Særlig de to siste årene er antall publiseringspoeng per faglige årsverk hevet betydelig, og er nå nær gjennomsnittet for statlige høyskoler. Det er positivt at økningen i stor grad skyldes at flere ansatte publiserer.

Spissingen av FoU-innsatsen i fem satsingsområder vil kunne legge grunnlaget for ytterligere framgang på forskningsområdet. Høyskolen må imidlertid være bevisst på at satsingen ikke går ut over kvaliteten i grunnutdanningene. For eksempel bruker HiSF allerede store ressurser internt på å finansiere stipendiatstillinger.

HiSF har også forbedringspotensial på flere områder. Departementet vil trekke frem følgende forbedringsområder:

1. Høyskolen har ikke nådd målet om økt utveksling på Erasmus+. Departementet er positivt til at høyskolen vil jobbe mer strategisk med dette framover for å øke studentutvekslingen og internasjonaliseringen i utdanningene.
2. Til tross for god økning i publiseringen, er nivå 2-andelen vedvarende lav. Høyskolen bør prioritere å øke andelen publisering i de mest prestisjefylte kanalene. Departementet merker seg at høyskolen bruker toer-stillinger til å styrke FoU-virksomheten og publiseringen, og forventer at de Forskningsråds- og EU-finansierte forskningsprosjektene resulterer i mer publisering i nivå 2-kanaler.
3. Førstestillingskompetansen ved HiSF er om lag ti prosentpoeng under gjennomsnittet for statlige høyskoler, og dermed stadig blant de laveste i kategorien. Det er positivt at høyskolen har etablert et kompetanseprogram for å oppnå både flere med førstestillingskompetanse og flere med toppkompetanse. Departementet forventer at programmet over tid bidrar til betydelig kompetanseheving i fagmiljøene ved HiSF.

Departementet har merket seg at høyskolen i etatsstyringsmøtet trakk frem betydningen av å få tilslag i Forskningsrådet og EU, fordi dette viser kvalitet og gir handlingsrom.

Departementet har også merket seg høyskolens rapportering når det gjelder oppnåelse av effektmålene for nybygget som ble tatt i bruk sommeren 2012.

Statsbygg har nettopp ferdigstilt arbeidet med en campusutviklingsplan for HiSF på studiested Sogndal, og dette er positivt. Samtidig blir det arbeidet med prosjektering og ombygging av det gamle gymnasbygget i Sogndal til arbeidsplasser og undervisningslokaler for HiSF. Siktemålet er at bygget kan tas i bruk sommeren 2018. Departementet registrerer også at det i samarbeid med Statsbygg har vært arbeidet med en behovsanalyse og mulighetsstudie for tilpasning av høyskolens lokaler i Førde.

Med den pågående fusjonsprosessen med HiB og HSH er det viktig at det blir lagt til rette for en planmessig, helhetlig og arealeffektiv utnyttelse av de samlede campusarealene for en nyfusjonert institusjon. Utgangspunktet er at nye læringsformer, arbeidsformer og arbeidsredskaper, ikke minst innenfor IKT, krever og legger til rette for nye måter å planlegge og sikre arealeffektivitet på. Dette hensynet må også tas for de byggeprosjektene som nå er under planlegging og prosjektering. Departementet viser til nærmere omtale av dette i brev 29. september 2015.

### ***Øvrige tilbakemeldinger***

HiSF har et høyt nivå på sin avsetning av mottatte bevilgninger ved utgangen av 2015, sammenlignet med gjennomsnittet for statlige universiteter og høyskoler. Departementet registrerer at deler av avsetningen er planlagt brukt til inventar- og utstyrsinvesteringer til Gymnasbygget, jf. omtale over.

Departementet viser til tildelingsbrevet for 2015 og 2016 og regjeringens mål om økning av antall lærlinger i statsforvaltningen. Departementet har i den forbindelse uttrykt en forventning om at universitetene og de statlige høyskolene samlet sett har økt antall lærlinger med 50 pst. i forhold til 2014 innen utgangen av 2016. HiSF hadde flere lærlinger i forhold til sin størrelse enn gjennomsnittet i sektoren per oktober 2015. Departementet forventer at HiSF fortsatt skal bidra til at sektoren når målsettingen om økt antall lærlinger i oktober 2016.

Kunnskapsministeren la i oktober 2015 frem Panorama, regjeringens strategi for høyere utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016- 2020). Panorama-strategien skal tilrettelegge for mer samarbeid av høy kvalitet på områder av særlig interesse for Norge, og følges blant annet av økonomiske virkemidler for langsiktig institusjonssamarbeid med disse landene. Kunnskapsdepartementet forventer at institusjonene benytter disse virkemidlene aktivt til å bygge opp under egne planer og strategier for økt internasjonalisering og kvalitetsutvikling.



## Referat frå IDF-møte, Høgskulen på Vestlandet

Styrerommet (A-825), Bergen, onsdag 07.09.16, 10.15-14.00

**Til stades:** Pål A. Olsen (Akademikerne, HiB), Ingrid Grønsdal (Utdanningsforbundet, HSH, vara for E. SørDAL), Sylvi Haavik (Hovudverneombod, HSH), Ingebjørg Vikesland (Hovudverneombod, HiSF), Einar Georg Johannesen (Hovudverneombod, HiB), Merete Andersen (LO/Stat, HiB), Kari H. Jørgensen (YS/Stat, HiB), Torunn Herfindal (Utdanningsforbundet, HiB), Tove Takvam Uglum (NTL, HiSF), Svein Erik Wang (NTL, HSH), Joanna Galek (NSF, HiSF), Reidun Stavland (NSF, HSH), Marit Breivik (NSF, HiB), Hege Gjerde Sviggum (FF, HiSF), Kristin R. C. Hinna (FF, HiB). Tage Båtsvik (arbeidsgjevar), Eli Glambek (arbeidsgjevar), Audun Kjørstad (referent).

Tage Båtsvik opna møtet og ynskja velkomen til fyrste IDF-møte for Høgskulen på Vestlandet.

### 02/16 Presentasjonsrunde

#### 01/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste godkjent. Presisert at hovudverneomboda (HVO) ikkje var del av opphavleg innkalling. Semje om at HVO vert kalla inn til framtidige møte.

#### 03/16 IDF si rolle og funksjon i interimfasen

**Forventingsavklaring:** Runde rundt bordet. Partane kan kome med innspel til saker ein ynskjer å få informasjon om eller drøfte. Dette kan òg gjelde saker som ikkje skal til styrehandsaming.

Moment som kom opp:

- **Tilpassingsavtale:** Kjem i IDF når det er avklara kven som skal forhandle. Må sjå på kva ein kan få på plass av system for tidsfristar og dokumentasjon òg for haustsemesteret før tilpassingsavtale er på plass. Sikre gode arbeidsforhold.
- **Omstillingshandbok:** Planlagt for haustsemesteret. Jobbar med å finne gode måtar å involvere tillitsvalte i arbeidet.
- **Temamøte:** Grundigare gjennomgang av (styre)saker som krev dette.
- **Frikjøping av ressursar:** Som påpeika ved lokale IDF tidlegare. Mange store og samtidige prosessar gjer det krevjande for tillitsvalte å skjytte både ordinære arbeidsoppgåver og tillitsvaltarbeid på ein tilfredsstillande måte. Båtsvik tek opp spørsmålet i innstillingsrådet og kjem attende med eit svar til ID-møte tysdag 13.09.
- **ID-møte i forkant av styremøte:** Normalt to dagar før styremøta, men må ta omsyn til tilsvarande møte og styremøte ved dei tre høgskulane. Styrepapir skal normalt sendast ut éi veke i forkant av styremøta.
- **Reell påverknad:** Prosess med ferdigstilling og godkjenning av styrepapir. Når skal tillitsvalte hekast på for å ivareta kravet om reell påverknad? Tematiske møte og ID-møte i forkant av styremøta sikrar moglegheit til reell påverknad, men dette fordrar at merknadar frå tillitsvalte vert lagt fram for styret i god nok tid til at styremedlemane ikkje allereie har lest seg ferdige på sakene. Semje om at ein tek sikte på at referat frå ID-møte i forkant av styremøte vert sendt til styret seinast dagen før styremøtet. Fordrar kjapp referatskriving og godkjenningssprosess. Ynskje om ordning med fast munnleg orienteringsbolc (maks 5 min) på kvart styremøte.

- **Avstand:** Møtetidspunkt må tilpassast at Høgskulen på Vestlandet dekker eit stort geografisk område med varierende kollektivtransporttilbod. Semje om at mange av møta kan gjennomførast over Skype, men at temamøta fordrar fysisk oppmøte. Semje om at temamøta bør rullere på møtestad, og i so stor grad som praktisk mogleg gå i ordinær arbeidstid.
- **Kommunikasjonsplan:** Kjem på neste møte.

#### 04/16 Møteplan for hausten 2016

Presisert at møteplan framleis ikkje er vedteken av styret, og at ingen andre datoar enn 16.09 soleis er spikra. Oppdatert møteplan med ID-møte i forkant av styremøte kjem når vedtak er fatta.

Tillitsvalte svært nøgde med tentativt årshjul for styresaker. Semje om at dette bør vidareførast.

**Strøyming:** Sterkt ynskje frå dei tillitsvalte om at styremøta vert strøymde.

**Temamøte:** Ynskje om å gå i djupna på somme av styresakene. Særleg styresakene om dei forskjellige prosjekta er av interesse, men òg alt som handlar om omstilling, budsjett. Semje om at oktober og november er gode månadar.

**Studentombod:** Ligg i fusjonsavtalen.

Program for **oppstartsseminar** for interimsstyret: Om fusjonen og høgskulane. Jan Fridthjof Bernt om juridiske aspekt ved styrearbeid i UH-sektoren og generelt. Rune Nilsen (HSN) om erfaringar frå fusjon. Div. gruppearbeid.

#### 05/16 Diskusjon

**Rektortilsetjing:** Utlyst juni med atterhald om endeleg godkjenning av interimsstyret 16.09. Søknadsfrist 18.09. Denne saka skal ikkje innom innstillingsrådet. For å sikre legitimitet frå fagleg, administrative, studentar og tillitsvalde er det svært ynskjeleg med innstillingsråd.

**Forslag:** 1 fagleg tillitsvald, 1 administrativt tillitsvald, 1 student, 1 fagleg leiar og 1 administrativ leiar. 5 personar, so jamt som mogleg fordelt mellom dei tre høgskulane. Semje om at ein slik samansetnad ivaretek medverknad og representasjon.

**Tidsaspekt:** Tilsetjing av rektor i november eller desember kan tyde at rektor ikkje er på plass før langt utpå vårsemesteret. Oktobermøtet kan bli knapt, novembermøtet kan bli seint, kan bli aktuelt med ekstraordinært tilsetjingsmøte.

Båtsvik gjekk gjennom ein presentasjon av **fusjonsprosjektet**.

**Utpeiking:** Problematisk at deltakarar i grupper og undergrupper vert utpeikte ovanfrå, og at det er mykje gjenbruk. Aukar risiko for låg grad av forankring i organisasjonane. Uro for ressursar: får desse utpeikte nok tid til å gjere både denne jobben og ordinær jobb? Risikabelt å opparbeide seg store tidsbankar med overtid eller FoU-tid. Viktigast: lik ordning på alle tre institusjonar.

Send innspel til køyrereglar for praksis rundt IDF-møta til Audun, som samanfattar og lagar oppsummering til neste drøftingsmøte. Kom gjerne med forslag til datoar til temamøta i oktober og november.

Møtet vart heva 14.10.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

## 005/16 Forretningsorden for interimsstyret

### Bakgrunn

Styret sitt ansvar og oppgaver er nærare skildra i kapittel 9 og 10 i Lov om universitet og høgskular (vedlegg 2), men det kan vere hensiktsmessig at dei ordningar som er særskilde for interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet er definerte i klårtekst i eit eige reglement.

For virkeperioden gjeld dette særleg fristar for protokollmerknad, godkjenning av protokoll, fristar for melding og utsending av styresaker, og statusen til dei faste observatørane med tale- og forslagsrett. Forretningsordenen kan utvidast og reviderast ved behov.

I løpet av vårsemesteret 2017 kan styret ved Høgskulen på Vestlandet vurdere om det skal skrivast ein meir utførleg forretningsorden for styret sitt arbeid.

### Forslag til vedtak

Styret godkjenner forretningsorden for styret.

### Referansar

1. Forslag til forretningsorden for styret (vedlegg 1)
2. Lov om universitet og høgskular, kapittel 9 og 10 (vedlegg 2)

## Vedlegg 1 til styresak 00X/16

### Forretningsorden for interimsstyret

Hausten 2016

Styret sitt ansvar og deira oppgåver er nærare skildra i [Lov om universitet og høgskular, kapittel 9 og 10](#).

#### Innkalling

Fullstendig innkalling med saksliste, saker og alle vedlegg skal vere styremedlemene i hende seinast seks dagar før styremøtet, med mindre det finst gode grunnar til at utsendinga kan utsetjast.

Saksliste vert fastsett av styreleiar. Saker som vert ført opp på sakslista etter utsending må godkjennast av eit samrøystes styre ved møtestart.

Eit styremedlem kan be om å få ei sak ført opp på sakslista. Oppmodinga må vere skriftleg, og vere styreleiar i hende seinast 14 dagar før møtedato.

#### Styret sine medlemmer

Styremedlem og observatørar med tale- og forslagsrett har møteplikt, og kan ikkje melde forfall til eit styremøte utan gyldig fråvere. Forfall til styremøte skal meldast til styresekretariatet so tidleg som mogleg. Sekretariatet kallar inn personleg vara og tek ansvar for at denne får alle naudsynte styrepapir.

Observatørar med tale- og forslagsrett er å rekne som fullverdige styremedlem utan røysterett. Utanom røysteretten har desse dei same rettar og plikter som andre styremedlemmer.

Styret sine medlemmer har røysteplikt. Det er ikkje høve til å røyste blankt anna enn i val.

#### Offentlegheit

Styremøta er opne for offentlegheita, men berre styret sine medlemmer og faste observatørar har talerett. Styret kan vedta å lukke møtet dersom saka som skal til handsaming krev dette.

#### Vedtak

Forslag som vert fremja i løpet av styremøte skal vere skriftlege, signerte, og overlevert til styresekretær for protokollføring. Forslag om avvising eller utsetjing skal opp til votering so snart dei har vorte fremja.

Styret avgjer om det skal gjennomførast prøvevotering. Prøvevotering vert ikkje protokollført.

Ved realitetsvotering skal det mest ytterleggående forslaget røystast om fyrst. Forslag kan stillast opp mot kvarandre, og forslag kan grupperast.

#### Protokoll

Forslag til protokoll vert sendt ut til møtedeltakarane med ein merknadsfrist på seks dagar. Dersom et ikkje er kome inne merknadar som tilseier at protokollen må handsamast i plenum, godkjenner styreleiar protokollen. Den godkjente protokollen vert offentleggjort og lagt inn som orienteringssak til neste styremøte.

## Vedlegg 2 til styresak 00X/16

### Del III. Statlige universiteter og høyskoler

#### Kapittel 9. Styret

##### § 9-1. Ansvar for institusjonens virksomhet

(1) Styret er det øverste organet ved institusjonen. Det har ansvar for at den faglige virksomheten holder høy kvalitet og for at institusjonene drives effektivt og i overensstemmelse med de lover, forskrifter og regler som gjelder, og de rammer og mål som gis av overordnet myndighet.

(2) Alle beslutninger ved institusjonen truffet av andre enn styret, treffes etter delegasjon fra styret og på styrets ansvar. Styret kan delegeres sin avgjørelsesmyndighet til andre ved institusjonen i den utstrekning det ikke følger av denne lov at styret selv skal treffe vedtak, eller det er andre særlige begrensninger i adgangen til å delegere.

##### § 9-2. Styrets oppgaver

(1) Styret skal trekke opp strategien for institusjonens utdannings- og forskningsvirksomhet og annen faglig virksomhet og legge planer for den faglige utvikling i samsvar med de mål som er gitt av overordnet myndighet for sektoren og institusjonen.

(2) Styret skal fastsette mål og resultatkrav og har ansvaret for at institusjonens økonomiske ressurser og eiendom disponeres i overensstemmelse med bestemmelser om dette gitt av overordnet myndighet, og etter forutsetninger for tildelte bevilgninger eller andre bindende vedtak.

(3) Styret skal føre tilsyn med den daglige ledelse av virksomheten. Styret skal fastsette instruks for institusjonens daglige ledelse.

(4) Styret selv fastsetter virksomhetens interne organisering på alle nivåer. Organiseringen må sikre at studentene og de ansatte blir hørt.

(5) Styret skal hvert år, etter nærmere retningslinjer gitt av departementet, avgi årsregnskap med redegjørelse for resultatene av virksomheten og legge frem forslag til budsjett for kommende år.

(6) Det skal i størst mulig grad være åpenhet om styrets arbeid.

##### § 9-3. Styrets sammensetning

(1) Styret skal ha elleve medlemmer og bestå av fire medlemmer valgt blant ansatte i undervisnings- og forskerstilling, ett medlem valgt blant de teknisk og administrativt ansatte, to medlemmer valgt blant studentene og fire eksterne medlemmer.

(2) Departementet utpeker et av de eksterne styremedlemmene til å være styrets leder. Hvis rektor er valgt etter § 10-2, er rektor styrets leder, og trer inn i styret i stedet for ett medlem valgt blant ansatte i undervisnings- og forskerstilling.

(3) Styret selv kan fastsette en annen styresammensetning enn fastsatt i første ledd. Slikt vedtak må treffes med tilslutning av minst halvparten av styrets medlemmer. Ansatte i undervisnings- og forskerstilling, teknisk og administrativt ansatte, studenter og eksterne skal være tilfredsstillende representert i styret. Ingen av disse gruppene skal ha flertall alene. § 4-4 første ledd gjelder tilsvarende.

(4) Styret selv kan fastsette at styret skal ha et flertall av eksterne medlemmer. Slikt vedtak må treffes med tilslutning av minst to tredeler av styrets medlemmer. Ansatte i undervisnings- og forskerstilling, teknisk og administrativt ansatte og studenter skal være tilfredsstillende representert i styret. § 4-4 første ledd gjelder tilsvarende.

(5) Styreleder og styremedlemmer har krav på en rimelig godtgjøring for vervet. Godtgjøringen fastsettes av departementet.

(6) Departementet kan i særlige tilfeller fastsette en annen styresammensetning eller styreordning enn bestemt i første ledd eller fastsatt etter tredje eller fjerde ledd.

0 Endret ved lover 19 juni 2009 nr. 96 (ikr. 1 aug 2009 iflg. res. 19 juni 2009 nr. 676), 22 apr 2016 nr. 5 (ikr. 1 juni 2016 iflg. res. 22 apr 2016 nr. 408).

#### **§ 9-4. Valg og oppnevning av styret**

(1) Styremedlemmer som er ansatt ved institusjonen, og varamedlemmer for disse, velges for fire år. Valget foretas særskilt for de to gruppene ansatte i undervisnings- og forskerstilling og ansatte i teknisk eller administrativ stilling.

(2) Hvis de midlertidig ansatte i undervisnings- og forskerstilling utgjør mer enn 25 prosent av de ansatte i undervisnings- og forskerstilling ved institusjonen, skal denne gruppen velge ett av styremedlemmene fra de ansatte i undervisnings- og forskerstilling. Det skal foretas særskilt valg for denne gruppen. Slikt styremedlem velges for ett år.

(3) Styremedlemmer fra studentgruppen, og varamedlemmer for disse, velges for ett år.

(4) Et styremedlem blir stående inntil nytt styremedlem er valgt selv om tjenestetiden er utløpt. Når særlige forhold foreligger, har et styremedlem rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Styret og gruppen som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel.

(5) Departementet kan i særlige tilfeller forlenge styrets funksjonsperiode og styremedlemmenes tjenestetid.

(6) Forslag til eksterne styremedlemmer og varamedlemmer fremmes av institusjonens styre. For kunsthøgskolene fremmes forslag av høyskolens styre og av Norsk kulturråd. Sametinget oppnevner på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og ett varamedlem ved Samisk høgskole. Departementet oppnevner på fritt grunnlag styreleder, med mindre institusjonen har valgt rektor som styrets leder, og øvrige eksterne medlemmer og numeriske varamedlemmer for fire år.

(7) Styret selv kan bestemme at visse stillinger ikke er valgbare til institusjonens styre.

(8) Ingen kan gjenvelges som styremedlem hvis vedkommende har fungert sammenhengende i vervet i åtte år ved begynnelsen av den nye valgperioden.

(9) Kravene i likestillingsloven<sup>1</sup> § 21 om representasjon av begge kjønn skal være oppfylt innen den enkelte valgkrets.

(10) Styret selv fastsetter nærmere regler om valgene.

0 Endret ved lover 19 juni 2009 nr. 96 (ikr. 1 aug 2009 iflg. res. 19 juni 2009 nr. 676), 9 jan 2009 nr. 4 (ikr. 1 jan 2010), 20 juni 2014 nr. 55 (ikr. 1 aug 2014 iflg. res. 20 juni 2014 nr. 817), 18 des 2015 nr. 131 (ikr. 1 jan 2016 iflg. res. 18 des 2015 nr. 1622), 22 apr 2016 nr. 5 (ikr. 1 juni 2016 iflg. res. 22 apr 2016 nr. 408).

1 Lov 9 juni 1978 nr. 45, opphevet ved lov 21 juni 2013 nr. 59 (ikr. 1 jan 2014), se dens § 13.

### **§ 9-5. Plikt til å ta imot og utføre tillitsverv**

(1) En ansatt som blir valgt til styret eller andre tillitsverv ved institusjonen, har plikt til å ta imot vervet. Den som har gjort tjeneste i et tillitsverv, har rett til fritak fra gjenvalg til dette i like lang tid som vedkommende har fungert i vervet. Varamedlem som har møtt som medlem minst halve valgperioden, kan kreve seg fritatt for valg som medlem i neste periode.

(2) Innehaver av tillitsverv skal fratre når valgbarheten opphører.

### **§ 9-6. Styremøter**

(1) Styret skal behandle saker i møte, med mindre styrets leder finner at saken kan forelegges skriftlig eller behandles på annen betryggende måte.

(2) Styrets leder sørger for at styret holder møter så ofte som det trengs. Medlem av styret og rektor eller administrerende direktør kan kreve at styret sammenkalles. Innkalling til møte skal skje med rimelig varsel.

(3) Medlem av styret har plikt til å møte hvis ikke vedkommende har gyldig forfall.

(4) Medlem av styret har plikt til å delta i forhandlingene og avgi stemme. Det kan ikke stemmes blankt annet enn ved valg.

(5) Om ikke styret for enkelte tilfeller bestemmer noe annet, har ansatt rektor eller administrerende direktør rett og plikt til å være til stede og til å uttale seg på styremøtene.

(6) Styrets møter skal holdes for åpne dører. Styret kan vedta at møtene skal holdes for lukkede dører, eller at bestemte saker skal behandles for lukkede dører. Behandling av sak etter andre punktum skjer for lukkede dører.

(7) Styremøtene ledes av styrelederen, eller i dennes fravær av den styret utpeker som møteleder.

(8) Det skal føres møtebok for styret.

### **§ 9-7. Vedtaksførhet og flertallskrav**

(1) Styret er vedtaksført når mer enn halvparten av medlemmene er til stede og avgir stemme.

(2) Vedtak treffes med alminnelig flertall av de avgitte stemmer hvis ikke annet er fastsatt i denne lov. Ved stemmelikhet i andre saker enn valg er møteleders stemme avgjørende. Ved stemmelikhet ved valg avgjøres dette ved loddtrekning.

(3) Avstemning i andre saker enn valg og ansettelse skjer ved stemmetegn. Avstemning ved valg og ansettelse skal skje skriftlig hvis ett av de møtende medlemmer krever dette.

#### **§ 9-8. Adgang til å avsette styret**

(1) Hvis styret ved sine disposisjoner bringer institusjonens videre virksomhet i fare, kan Kongen i statsråd avsette styret og oppnevne et midlertidig styre inntil nytt styre er valgt og oppnevnt.

(2) Kongen i statsråd kan avsette et styremedlem dersom særlig tungtveiende grunner taler for det, eller særlige omstendigheter svekker tilliten til styremedlemmet.

0 Endret ved lov 20 juni 2014 nr. 55 (ikr. 1 aug 2014 iflg. res. 20 juni 2014 nr. 817).



## Kapittel 10. Rektor. Administrerende direktør

### § 10-1.Rektor

(1) Rektor skal ansettes på åremål med mindre rektor er valgt etter § 10-2. Styret selv foretar utlysning og ansettelse av rektor. Ansettelsesprosessen skal sikre at rektor har faglig og ledelsesmessig legitimitet, og at studentene og de ansatte blir hørt. Styret bestemmer om det skal gis innstilling, og hvem som skal innstille.

(2) Rektor er daglig leder for institusjonens faglige og administrative virksomhet i samsvar med de rammer og pålegg som styret fastsetter.

(3) Rektor er sekretær for styret og skal i samråd med styrets leder forberede og gi tilrådning i de sakene som legges frem for styret. Rektor har rett til å delta i møter i alle institusjonens styrer, råd og utvalg.

(4) Rektor er ansvarlig for iverksetting av styrets vedtak, og for at disponering av ressurser og eiendom skjer i samsvar med de vedtak som er truffet av styret.

(5) Rektor skal på styrets vegne påse at den samlede økonomi- og formuesforvaltning skjer i samsvar med departementets generelle bestemmelser om økonomiforvaltningen og forutsetninger for tildeling av bevilgninger.

(6) Rektor utarbeider og legger frem for styret budsjettforslag og årsregnskap og holder styret løpende orientert om regnskapets stilling i forhold til budsjettet og andre forhold av betydning for institusjonens virksomhet.

0 Endret ved lov 22 apr 2016 nr. 5 (ikr. 1 juni 2016 iflg. res. 22 apr 2016 nr. 408).

### § 10-2.Valgt rektor

(1) Rektor kan utpekes ved valg dersom styret fatter vedtak om dette. Slikt vedtak må treffes med tilslutning av minst halvparten av styrets medlemmer. Både institusjonens ansatte og eksterne kandidater er valgbare som rektor. Styret kan fastsette nærmere regler om nominasjon av eksterne kandidater. Hvis rektor er valgt, gjelder følgende om rektor:

a) Rektor er styrets leder. Rektor har på styrets vegne det overordnede ansvar for og ledelse av institusjonens virksomhet og fører tilsyn med denne. Rektor, og i dennes sted prorektor, har rett til å delta i møter i alle institusjonens styrer og utvalg.

b) Rektor avgjør saker i det omfang disse ikke kan utsettes til styret kan komme sammen i møte. Rektor kan også gis fullmakt til å avgjøre løpende saker som bør avgjøres før det neste styremøte, og som ikke kan anses som viktige nok til at ekstraordinært møte innkalles. I sak om avskjed eller suspensjon kan rektor bare beslutte kortvarig suspensjon i tjenesten i påvente av styrets behandling.

0 Endret ved lov 22 apr 2016 nr. 5 (ikr. 1 juni 2016 iflg. res. 22 apr 2016 nr. 408).

### § 10-3.Institusjonens administrerende direktør

(1) Dersom styret har vedtatt at rektor skal velges etter § 10-2 første ledd, skal det ved hver institusjon være en administrerende direktør.

(2) Direktøren er øverste leder for den samlede administrative virksomhet ved institusjonene, innenfor de rammer styret fastsetter.

(3) Direktøren er sekretær for styret og skal, etter samråd med rektor, forberede og gi tilrådning i de saker som legges fram for dette. Direktøren er også, personlig eller ved en av sine underordnede, sekretær for de øvrige styringsorganer ved institusjonen.

(4) Direktøren er ansvarlig for iverksetting av de vedtak som treffes i institusjonens styringsorganer, og for disponering av ressurser og eiendom i samsvar med de vedtak som er gjort av styret.

(5) Direktøren er ansvarlig for at den samlede økonomi- og formuesforvaltning skjer i samsvar med departementets generelle bestemmelser om økonomiforvaltningen og forutsetninger for tildeling av bevilgninger. Direktøren utarbeider og legger fram for styret budsjettforlag<sup>1</sup> og årsregnskap, og holder rektor løpende orientert om regnskapets stilling i forhold til budsjettet og om andre forhold av betydning for institusjonenes virksomhet.

(6) Er styret, rektor eller administrerende direktør i tvil om et styrevedtak vil ligge innenfor bestemmelser eller forutsetninger for bevilgningene m.m., skal departementet avgjøre tvilsspørsmålet.

(7) Direktøren har generell anvisningsmyndighet og er legitimert til å utferdige bindende dokument om institusjonenes eiendommer, jf. § 12-3, så langt ikke annet følger av lov eller fremgår av vedkommende hjemmelsdokument.

0 Endret ved lov 22 apr 2016 nr. 5 (ikr. 1 juni 2016 iflg. res. 22 apr 2016 nr. 408).

1 Skal vel være «budsjettforslag».

#### **§ 10-4.Rektors fratreden**

(1) Hvis rektor fratrer før funksjonstiden er ute, skal ny rektor ansettes eller velges.

(2) Hvis institusjonen har en prorektor, kan styret selv fastsette at denne overtar hvis rektor har forfall eller fratrer vervet i løpet av det siste året av funksjonstiden.

0 Endret ved lov 22 apr 2016 nr. 5 (ikr. 1 juni 2016 iflg. res. 22 apr 2016 nr. 408), endret paragrafnummer fra § 10-5.

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

## 006/16 Styregodtgjersle

### Bakgrunn

Jamfør [universitets- og høgskulelova §9-3](#) har det tidlegare vore praksis at styra sjølve vedtek si eiga styregodtgjersle, men med endringa av lova av 1. juni i år er det no departementet som skal fastsetje storleiken på godtgjersla. I brev av 30. mai vert det fastsett at institusjonar kan legge gjeldande styregodtgjersle til grunn ut 2016, og at godtgjersla for 2017 vert klar i løpet av hausten 2016.

Honorara ved dei tre fusjonerande høgskulane varierer noko.

- Ved Høgskolen i Bergen vert det utbetalt ein fast sats på kr 75 000 per år til alle ordinære styremedlem. Vararepresentantar vert honorerte med kr 5 000 per møte (jf. styrevedtak 14/16).
- Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane svarar honoraret til møtetid og førebuingstid (same som møtetid) etter Staten sine rettleiande satsar for studentar og eksterne, medan interne får fritak for ordinære arbeidsoppgåver svarande til 150 timar (jf. styrevedtak 58/15).
- Ved Høgskolen Stord/Haugesund vert styremedlemane honorerte etter Staten sine rettleiande satsar for 12 timar per møte.

Rundt rekna utgjer då styregodtgjersla ved HSH og HiSF i underkant av kr 50 000 per år.

### Vurderingar

Som interimsstyret for den komande Høgskulen på Vestlandet (HVL) har styret eit omfattande ansvar, og gitt det krevjande arbeidet som ligg føre oss må styret rekne med både ein noko høgare møtefrekvens og større arbeidsmengd enn det som normalt ligg til eit slikt styrearbeid.

Ettersom virkeperioden til interimsstyret er sopass kort, og med bakgrunn i endringa av universitets- og høgskulelova, er det ikkje hensiktsmessig å bruke mykje tid på å utvikle eit særskild system for godtgjersle. Samstundes må godtgjersla reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.

Samla sett framstår det som eit rimeleg nivå å fastsetje godtgjersla til kr 40 000 for styremedlemer og faste observatørar med tale- og forslagsrett, medan styreleiar får kr 60 000. Varamedlemer får ei godtgjersle på kr 5 000 for kvart møte.

### Forslag til vedtak

1. Godtgjersla for styrearbeid setjast til kr 40 000 for ordinære styremedlemer og faste observatørar med tale- og forslagsrett.
2. Møtande varamedlemer og varaobservatørar får ei godtgjersle på kr 5 000 per møte.
3. Godtgjersla for styreleiarvervet i interimsstyret setjast til kr 60 000.

## Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

### Referansar

1. Styresak HiB 14/16
2. Styresak HiSF 58/15

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Audun Kjørstad

Arkiv:

## 007/16 Møteplan

### Bakgrunn

Ein tentativ møteplan vart sendt ut på e-post 5. september. Følgande leggast fram som forslag til møteplan for hausten 2016 og våren 2017.

Møte	Dag	Dato	Klokkeslett*	Møtestad
01/16	fredag	16.09.16	09.00–14.00	Bergen
02/16	fredag	21.10.16	10.00–15.00	Sogn og Fjordane
03/16	torsdag	24.11.16	10.00–15.00	Stord/Haugesund
04/16	torsdag	22.12.16	10.00–15.00	Bergen
01/17	torsdag	19.01.17	10.00–15.00	Sogn og Fjordane
02/17	torsdag	16.02.17	10.00–15.00	Stord/Haugesund
03/17	torsdag	09.03.17	10.00–15.00	Bergen
04/17				Sogn og Fjordane
05/17				Stord/Haugesund

\*Klokkeslett for styremøta må vurderast opp mot praktisk reisetid.

I tillegg til føreslegne møtedatoar legg ein opp til styreseminar på følgende datoar

- Torsdag 15.09.16, Bergen (10.15–17.30)
- Onsdag 21.12.16, Bergen (10.15–17.30)

**Tentativt årshjul for styresaker**

Det vert understreka at årshjulet for styresaker er førebels, og at endringar kan førekome. Styresaker som er lagt inn på fleire møte kan verte flytta på.

Sak	02/16	03/16	04/16
Studentombod, utlysingstekst	X		
Budsjettforslag utanfor ramma	X		
Tilsetjing av rektor	X		
Engelsk namn på Høgskulen på Vestlandet	X		
Budsjett, fusjonsprosessen 2016	X		
Statusoppdatering, fusjonsprogrammet	X		
Mellombels organisering 2017, inkludert leiarnivå 1	X	X	
Kopiavgift for studentar	X	X	
Fullmakt til mellombels innplassering av tilsette som får endra stilling frå 01.01.17	X	X	
Godkjenning av mellombels personalreglement for HVL	X	X	
Klagenemnd for HVL, oppnemning og mandat	X	X	
Skikkanemnd for HVL, oppnemning og mandat	X	X	
Visuell plattform og profil	X	X	
Studieportefølje 2017/2018		X	
Tilsetjing av studentombod		X	
Prosjekt fagleg plattform og profil, rapport, vidare prosess		X	X
Prosjekt fagleg leiing og organisering, rapport, vidare prosess		X	X
Prosjekt administrativ organisering, rapport, vidare prosess		X	X
Prosjekt sikker drift, sluttrapport, vidare oppfølging		X	X
Mellombels delegasjonsreglement for HVL		X	X
Budsjett 2017 for HVL		X	X
Prosjekt verksemdsstyring, rapport			X
Mellombels beredskapsplan, HVL			X
Tilsetjingsorgan, HVL, delegasjon			X
Forskrift og opptak, studie og eksamen, HVL			X
Forskrift om ph.d.-grad, HVL			X
Sak om andre lovpålagte nemnder og utval (AMU, LMU, andre)			X
Årsplan 2017			X
Organisering av vidare omstillingsarbeid			X
Presentasjon av HVL sine campus, vidareutviklingsplanar			X

**Forslag til vedtak**

1. Styret godkjenner forslag til møteplan
2. Styret ber om at oppdatert årshjul vert lagt fram som fast orienteringssak

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Eli Glambek

Arkiv:

## **008/16 Stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet, kunngjering og prosess**

### **Bakgrunn**

Likelydande saker om fusjon mellom Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane vart lagt fram til handsaming for styra ved dei tre institusjonane i juni 2016.

For ei nærare skildring av bakgrunnen for saka syner ein til tidlegare styresaker som gjeld fusjon.

Sak om utlysing av stilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet vart handsama av styra for dei tre fusjonerande høgskulane i parallelle møter 09.06.16. Stillinga vart lyst ut i juli 2016 med søknadsfrist 18.09.16, med atterhald om interimsstyret si endelege godkjenning.

### **Reglane om innstilling og tilsetjing i stilling som rektor etter Uhl**

Uhl har ved «Lov om endringer i universitets- og høyskoleloven» (modell for styring og leiing mv) fått nye reglar om styring og leiing av institusjonar som fell inn under lova. Endringane er gitt verknad frå 01.06.16. Før dette tidspunktet var valt rektor hovudmodell. Styret kunne velje å tilsetje rektor, men dette kravde positivt vedtak i styret med 2/3 fleirtal.

Etter endringa av lova, er styringsform med tilsett rektor normalmodellen, sjå Uhl § 10-1 (1). Stillinga som rektor er ei åremålsstilling for ein periode på fire år med mogelegheit til å forlengja i éin periode til. Styret kan, etter lova si § 10-2 (1), treffe vedtak om at rektor skal veljast. Kravet er at vedtaket må treffast «med tilslutning av minst halvparten av styret sine medlemmer».

Ein fusjon mellom tre likeverdige partar inneber at dei tre gamle institusjonane vert nedlagte, og ein ny høgskule vert etablert. Den nye høgskulen må då følgje normalmodellen om ikkje styret treff eit positivt vedtak om ei anna styringsform. I fusjonsavtalen vert det også slått fast at Høgskulen på Vestlandet skal ha normalmodellen for leiing etter universitets- og høgskulelova, som inneber tilsett rektor og ekstern styreleiar.

Det vil vere viktig å få rektor for den nye høgskulen på plass så raskt som mogleg, og dei tre fusjonspartane vart difor samde om å fremje likelydande saker for institusjonsstyra der ein ba om styra si godkjenning av kunngjeringstekst for stillinga som rektor for Høgskulen på Vestlandet. Saka vart handsama av dei tre styra i parallelle møter 09.06.16.

Lova føreskriv at styret sjølv kunngjer og tilset rektor, sjå uhl § 10-1 (1). Mynde på desse punkta kan ikkje delegerast. Dette inneber at styrehandsaminga i dei tre institusjonsstyra måtte sjåast på som førebels, slik at interimsstyret må stå for ei endeleg godkjenning av kunngjeringa, og sjølv gjere vedtak om tilsetjing.

Det framgår vidare at «(s)tyret bestemmer om det skal gis innstilling, og hvem som skal innstille.» Uavhengig av innstillingsordning krever loven at «(a)nsettelsesprosessen skal sikre at rektor har faglig og ledelsesmessig legitimitet, og at studentene og de ansatte blir hørt.» Dette inneber to element:

1. Det er styret som sjølv må avgjere om ein skal ha eit formelt innstillingsnivå før styret tilset i stillinga som rektor
2. Prosessen må gjennomførast på ein måte som sikrar den som vert tilsett legitimitet som både fagleg og administrativ leiars. Både studentar og tilsette skal verte høyrde i prosessen.

### **Nærare om prosessen**

Ein må legge til grunn at det gjennomgåande i dei tre fusjonerande høgskulane er semje om at ei tilsetjing i denne viktige stillinga vert gjort etter ein open konkurranse mellom gode kandidatar og at prosessen er så open som mogleg. Det ligg under interimsstyret sitt ansvarsområde å sjå til at den nye høgskulen vert etablert med naudsynt leiing og organ for styring.

Styret skal i denne saka ta stilling til om ein ønskjer å gå vidare med tilsettingsprosessen slik han vart skildra av dei tre institusjonsstyre i juni, eller om det skal gjerast endringar. Endringar vil kunne føre til forseinkingar.

Styret må òg ta stilling til om det skal lagast ei formell innstilling til styret, og kven som i so fall skal innstille (sjå uhl §10-1 (1)). Ei innstilling er eit formelt forslag frå eit innstillingsorgan andsynes det organet som skal treffe vedtak om kven som skal tilsetjast i den ledige stillinga. Forslaget bind ikkje styret sine valmoglegheiter av di regelen om ueinighet mellom innstillingsorganet og vedtaksorganet i tenestemannslovens § 4 ikkje gjeld tilsetjingar der styret har eksklusiv tilsetjingsmynde.

Uavhengig av om ein vel å nemne opp eit formelt innstillingsorgan eller ikkje, må tilsette og studentar sikrast deltaking i prosessen – til dømes gjennom ein rådgjevande utval utan formell innstillingsmynde. Likeeins må ein sikre deltaking frå alle dei tre fusjonspartane.

Dersom ein vel ein annan måte å involvere dei tilsette og studentane på enn gjennom eit formelt innstillingsorgan, til dømes ved å nytte ein rådgjevande utval, står styret noko friare til å treffe den endelege avgjerda. Eksempelvis er det ikkje uvanleg når det gjeld stillingar på dette nivået, at søkjarar meldar seg seint i prosessen. Dersom ein vurderer det slik at søkjarlista ikkje inneheldt så mange kvalifiserte kandidatar at det blir ein reell konkurranse, kan det vere aktuelt å søkje etter fleire kandidatar med dei rette kvalifikasjonane.

Prosessen vert gjennomført med medverknad frå «Bedriftskompetanse», som er eit eksternt rekrutteringsfirma.

Interimsstyret har 15 medlemmer, og er ei for stor gruppe i høve til å delta i en tilsetjingsprosess. Ein tilrår difor at styret nemner opp eit rådgjevande innstillingsutval for tilsetting av rektor, med representasjon frå styret sjølv, samt tillitsvalde tilsette og studentar. Det rådgjevande innstillingsutvalet får i oppgåve å gjennomføre tilsettingsprosessen inn mot ei innstilling til vedtak i saka, i samarbeid med sekretær for interimstyret og ekstern konsulent.



Saka vart førebels drøfta med IDF-møtet for HVL 07.09.16. Dei tillitsvalde var eintydige i si tilbakemelding og fremja eit konkret forslag om deltaking frå to tillitsvalde i prosessen – éin frå gruppa faglege tilsette og éin frå gruppa administrativt tilsette.

Det vil vere særst viktig å få på plass toppleiaren for den nye høgskulen så snart som mogleg, noko som tilseier at ein bør legge opp til ein smidig prosess. I ei vurdering av dei omsyn som bør takast, vert det føreslått ein slik samansetting av eit rådgjevande innstillingsutval for tilsetting av rektor:

- 4 styrerepresentantar
  - 1 styremedlem student
  - 1 styremedlem eksterne
  - 1 styremedlem undervisnings-/forskningspersonale
  - 1 styremedlem teknisk/administrativt tilsette
- 1 student etter forslag frå studentparlament
- 1 tillitsvald etter forslag frå interims-IDF

Ein bør sikre at det rådgjevande innstillingsutvalet har representasjon frå alle tre regionane, og ei god kjønnsbalanse.

Dette spørsmålet vert endeleg drøfta med dei tilsette sine organisasjonar i IDF-møtet i forkant av styremøtet og med leiarane for dei tre studentparlament.

Saka vert fremja med følgjande forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner utlysing av stilling som rektor for Høgskulen på Vestlandet.
2. Styret ber om at det vert oppretta eit rådgjevande innstillingsutval for tilsetting av rektor, i samsvar med det som er skildra i saksframlegget.

**Dokument i saka:**

1. Lov om universiteter og høyskoler (Uhl)
2. Lov om endringer i universitets- og høyskoleloven
3. Fusjonsavtalen
4. Framlegg til kunngjeringsstekst for stillinga som rektor
5. Nærare kravspesifikasjon for stillinga utarbeidd av Bedriftskompetanse

Frå 1. januar 2017 blir Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) fusjonert til ein ny høgskule på Vestlandet.

Den nye høgskulen skal vere del av ein sterk UH-sektor på Vestlandet gjennom oppbygging av sterke fagmiljø i ein viktig og synleg utdannings- og forskingsinstitusjon med universitetsambisjonar. Med god forankring i dei tre nærregionane Sunnhordland/Haugalandet, Bergensområdet og Sogn og Fjordane, vil høgskulen ha ein profesjons- og arbeidslivsprofil som gjer seg gjeldande i både nasjonal og internasjonal samanheng.

Kompetansefelleskapet som fagmiljøa i den nye høgskulen utgjer, vil betre kunne svare på regionale, nasjonale og internasjonale behov for omstilling og endring. Høgskulen skal vere ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og fagpersonar, og vil gjennom ei digital satsing sikre effektiv informasjonsdeling og utvikle framtidretta utdannings- og læringsfelleskap ved hjelp av ny teknologi.

Den fusjonerte høgskulen vil vere ein av landets største, med om lag 16 000 studentar og 1600 tilsette fordelt på fem studiestader – Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. Hausten 2016 har eit interimsstyre med ekstern styreleiar ansvar for avgjerder som gjeld fusjonen. Frå 1.1.17 går interimsstyret over til å vere styret for den nye høgskulen, som blir samla under felles institusjonsleiing, med tilsett rektor.

## Rektor ved Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet søker ein rektor med sterk motivasjon for å bygge opp ein ny institusjon og utvikle den nye høgskulen som ein viktig regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsaktør. Rektor har ansvar for den samla faglege og administrative verksemda ved høgskulen, innanfor dei rammer og pålegg som styret fastset. Rektor er ansvarleg overfor, og rapporterer til, høgskulestyret. Dette inneber også funksjon som styrets sekretær, med ansvar for å førebu styresaker og sette i verk styrets vedtak. Rektor vil ha ei sentral rolle i å vidareutvikle organisasjonskultur, fag- og arbeidsmiljø i ein institusjon med høg kompetanse.

Vår nye rektor må kunne vise til:

- god forståing for høgskulens samfunnsoppdrag
- solid leiarerfaring frå kunnskapsorganisasjon, med dokumenterte resultat frå strategi- og endringsarbeid
- høg vitskapleg kompetanse
- erfaring frå og solid kunnskap om UH-sektoren
- solid administrativ kompetanse
- god økonomiforståing
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne i norsk og engelsk

I vurderinga vil vi legge vekt på følgjande personlege eigenskapar:

- leiareigenskapar
- utviklingsfokus og strategisk heilskapleg perspektiv
- gjennomføringsevne og resultatorientering
- evne til prioritering og å ta avgjerder
- evner til kommunikasjon, samhandling og til å bygge relasjonar internt og eksternt

Vi tilbyr ei spennande og krevjande leiarstilling i ein organisasjon under etablering, med utfordrande og varierte oppgåver. Stillinga gir høve til å vere med å prege utviklinga i ein sektor som er i sterk endring. Rektor blir tilsett på åremål for 4 år frå 1.1.17. Lønn etter avtale innanfor Statens lønnsregulativ. Frå lønna blir det trekt 2 % lovbestemt innskott i Statens pensjonskasse.

Stillinga har hovudarbeidsstad i Bergen. Tilsetting skjer etter reglane i Universitets- og høgskulelova og Tenestemannslova. Vedtak om tilsetting blir gjort av interimsstyret for den nye høgskulen. Utlysing av stillinga skjer med atterhald om endeleg godkjenning i interimsstyret.

### **Generell informasjon**

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetting og rekruttere personar med innvandrarakgrunn.

Kvinner vert særleg oppmoda om å søke stillinga.

Opplysingar om søkar kan bli gjort offentleg sjølv om søkar ber om ikkje å bli ført opp på søkarlista. Dersom førespurnaden ikkje blir tatt til følgje, vil søkar bli varsla om dette.

### **Kontaktpersonar for stillinga:**

Direktør ved Høgskolen Stord/Haugesund Tage Båtsvik, tlf: 454 26 924

*Bedriftskompetanse*, ved seniorrådgjevar Linn Beate Sollund-Walberg, tlf: 990 06 318, epost: [lsw@bedriftskompetanse.no](mailto:lsw@bedriftskompetanse.no)



## Oppdragsbeskrivelse

Bedriftskompetanse skal bistå Høgskulen på Vestlandet med å rekruttering av rektor. Bedriftskompetanse sine vurderinger og råd vil ta utgangspunkt i kravspesifikasjonen som er utarbeidet for stillingen.

## Virksomhetsbeskrivelse

*Frå 1. januar 2017 blir Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) fusjonert til ein ny høgskule på Vestlandet.*

*Den nye høgskulen skal være del av ein sterk UH-sektor på Vestlandet gjennom oppbygging av sterke fagmiljø i ein viktig og synleg utdannings- og forskingsinstitusjon med universitetsambisjonar. Med god forankring i dei tre nærregionane Sunnhordland/Haugalandet, Bergensområdet og Sogn og Fjordane vil høgskulen ha ein profesjons- og arbeidslivsprofil som gjer seg gjeldande i både nasjonal og internasjonal samanheng.*

*Kompetansefellesskapet som fagmiljøa i den nye høgskulen utgjer vil betre kunne svare på regionale, nasjonale og internasjonale behov for omstilling og endring. Høgskulen skal vere ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og fagpersonar, og vil gjennom ei digital satsing sikre effektiv informasjonsdeling og utvikle framtidretta utdannings- og læringsfellesskap ved hjelp av ny teknologi.*

*Den fusjonerte høgskulen vil vere ein av landets største, med om lag 16 000 studentar og 1600 tilsette fordelt på fem studiestader – Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. Hausten 2016 har eit interimsstyre med ekstern styreleiar ansvar for avgjerder som gjeld fusjonen. Frå 1.1.17 går interimsstyret over til å vere styret for den nye høgskulen, som blir samla under felles institusjonsleiing, med tilsett rektor.*

## Stillingsbeskrivelse

Høgskulen på Vestlandet søker ein rektor med sterk motivasjon for å bygge opp ein ny institusjon og utvikle den nye høgskulen som ein viktig regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsaktør.

Rektor har ansvar for den samla faglege og administrative verksemda ved høgskulen, innanfor dei rammer og pålegg som styret fastset. Rektor er ansvarleg overfor, og rapporterer til, høgskulestyret. Dette innebærer også funksjon som styrets sekretær, med ansvar for å førebu styresaker og sette i verk styrets vedtak. Rektor vil ha ei sentral rolle i å vidareutvikle organisasjonskultur, fag- og arbeidsmiljø i ein institusjon med høg kompetanse.

Vår nye rektor må kunne vise til:

- god forståing for høgskulens samfunnsoppdrag
- solid leiarerfaring frå kunnskapsorganisasjon, med dokumenterte resultat frå strategi og -endringsarbeid
- høg vitenskapleg kompetanse
- erfaring frå og solid kunnskap om UH-sektoren
- solid administrativ kompetanse
- god økonomiforståing
- god munnleg og skriftleg framstillingsevne i norsk og engelsk

I vurderinga vil vi legge vekt på følgjende personlege eigenskapar:

- leiaregenskaper
- utviklingsfokus og strategisk helhetsperspektiv
- gjennomføringsevne og resultatorientering
- evne til prioritering og å ta avgjerder
- evner til kommunikasjon, samhandling og til å bygge relasjonar internt og eksternt

Vi tilbyr ei spennande og krevjande leiarstilling i ein organisasjon under etablering, med utfordrande og varierte oppgåver. Stillinga gir høve til å vere med å prege utviklinga i ein sektor som er i sterk endring.

Rektor blir tilsett på åremål for 4 år frå 1.1.17. Lønn etter avtale innanfor Statens lønnsregulativ. Frå lønna blir det trekt 2 % lovbestemt innskot i Statens pensjonskasse.

Stillinga har hovudarbeidsstad i Bergen. Tilsetting skjer etter reglane i Universitets- og høgskulelova og Tenestemannslova.

Vedtak om tilsetting blir gjort av interimsstyret for den nye høgskulen. Utlysing av stillinga skjer med atterhald om endeleg godkjenning i interimsstyret.

## Kravspesifikasjon

Kompetanse	Hvorfor viktig?	
<b>Dokumentert lederkompetanse</b>	<p>Evne ivaretagelsen av en krevende lederstilling i en organisasjon under etablering.</p> <p>Evne å gjennomføre prosesser gjennom å forvalte ressurser på best mulig måte.</p> <p>Evne å videreutvikle organisasjonskultur, samt fag- og arbeidsmiljø i en institusjon med høy kompetanse.</p> <p>Evne god personalledelse i direkte linje, samt som del av det overordnede arbeidsgiveransvaret bidra til å utvikle en positiv organisasjonskultur og et godt psykososialt arbeidsmiljø for alle institusjonens ansatte. Gjennom dette evne å legge grunnlag for videre rekruttering av høyt kompetent personell.</p>	<p>Må kunne dokumentere solid og relevant lederkompetanse og ledererfaring fra endrings- og utviklingsarbeid på strategisk og operasjonelt nivå.</p> <p>Må kunne dokumentere erfaring med å organisere og lede forsknings- og utdanningsvirksomhet med gode resultater.</p>
<b>Strategi- og endringskompetanse</b>	<p>Evne lederutøvelse i en sektor som er i sterk endring. Viktig for å kunne lede, organisere og implementere komplekse endrings- og utviklingsprosesser, samt for å kunne videreutvikle en fremtidsrettet organisasjon.</p> <p>Evne å initiere og lede strategiprosesser som gir virksomheten mål og retning.</p> <p>Evne å realisere styrets strategier og mål, samt gjennom adekvate tiltak møte gjeldende utfordringer.</p> <p>Evne å utøve faglig-strategisk ledelse gjennom å påvirke institusjonens retningsvalg og prioriteringer innenfor kjernevirksomheten, innenfor rammene av vedtatte strategier.</p> <p>Evne å lede sterke fagmiljø mot felles ambisjoner.</p>	
<b>Høy administrativ kompetanse</b>	<p>Evne daglig ledelse med ansvar for den samlede faglige og administrative virksomheten, innenfor de rammer og pålegg som styret fastsetter. Viktig for å påse at høgskolen drives effektivt og i samsvar med god forvaltnings- og forretningsmessig praksis.</p> <p>Evne god saksbehandling for og rapportering til styret.</p> <p>Evne å sikre at de administrative funksjoner, prosesser og systemer støtter kjernevirksomheten, styrings- og ledelsesfunksjonene, samt gir studenter og ansatte gode tjenester.</p>	
<b>Økonomikompetanse</b>	<p>Evne å ivareta den overordnede økonomiforvaltningen for høgskolen. Viktig for å sikre effektiv og hensiktsmessig ressursbruk sett i sammenheng med vedtatt målbilde.</p>	
<b>Høy vitenskapelig kompetanse</b>	<p>Viktig da stillingen krever analytisk kompetanse, samt kritisk for faglig legitimitet og integritet.</p>	
<b>Erfaring fra og kunnskap om UH-sektoren</b>	<p>Viktig for aksept i organisasjonen.</p> <p>Evne å forstå høgskolens samfunnsoppdrag, samt samspillet mellom høgskolen og samfunnet rundt.</p> <p>Evne forståelse av kompleksiteten i en høyere utdanningsinstitusjon, samt viktigheten av bredden i</p>	







Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet

Møtedato: 16.09.2016

Sakshandsamar: Maria Stene-Jonassen

Arkiv:

## 009/16 Organisering av fusjonsprogrammet mellom HiB, HiSF og HSH

### Bakgrunn


Gjennom Meld. St. 18 (2014-2015) «Konsentrasjon for kvalitet. Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren», la Kunnskapsdepartementet (KD) opp til store strukturelle endringer i universitets- og høyskolesektoren i Norge. Målet med strukturreformen er økt kvalitet i fag og forskning gjennom å konsentrere ressursene på færre og større institusjoner.

Høsten 2015 valgte Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) å gjennomføre en utredning for å se om det var grunnlag for å sette i gang en fusjonsprosess med målsetning om å bygge en stor og slagkraftig høgskole på Vestlandet. På bakgrunn av utredningen gikk de tre institusjonene i fusjonsforhandlinger våren 2016, og 9. juni vedtok de tre høgskolestyrene å søke KD om å fusjonere de tre høgskolene til en ny høgskole med navnet Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Den fremforhandlede fusjonsavtalen mellom de tre institusjonene fastslår noen målsetninger og prinsipper for den nye høgskolen. Fusjonsprogrammet er etablert i tråd med disse.

### Interimsfasen

Følgende figur viser de ulike fasene i fusjonsprosessen:



I den nåværende interimsfasen skjer planleggingen av virksomheten i den nye høgskolen i en programorganisasjon, samtidig som den ordinære driften i de tre fusjonerende institusjonene foregår i de tre linjeorganisasjonene. Programorganisasjonen vil være i funksjon frem til fusjonstidspunktet. De ulike prosjektene i fusjonsprogrammet vil fortsette sitt arbeid også etter fusjonstidspunktet, men vil da formelt være en del av den nye institusjonen. Fra fusjonstidspunktet og frem til den nye linjeorganisasjonen er implementert vil det etableres en midlertidig organisering som ivaretar den daglige driften i HVL, og det videre arbeidet i fusjonsprogrammet vil ivaretas innenfor denne.

Med tanke på den korte tiden mellom fusjonsvedtak og fusjonstidspunkt, og omfanget av arbeidet som skal gjøres i denne perioden, var det behov for å starte planleggingen av en eventuell fusjon på et så tidlig tidspunkt som mulig. Det ble derfor etablert to organ på tvers av de tre institusjonene, som har samarbeidet om dette: det felles fusjonssekretariatet og innstillingsrådet. Disse fungerer i interimfasen, og har til en viss grad måttet forskuttere planleggingsarbeidet på vegne av interimsstyret.

#### *Felles fusjonssekretariat*

Et felles fusjonssekretariat ble etablert på vårparten, og hadde sitt første møte i april i år. Fusjonssekretariatet består av høgskoledirektørene ved HSH og HiB, viserektor FoU ved HiSF og medarbeidere fra ulike områder i administrasjonen ved de tre høgskolene. Fusjonssekretariatet har arbeidet med planlegging av fusjonen og utredningsarbeid i forbindelse med dette. I interimfasen kalles fusjonssekretariatet programsekretariat, og vil utøve støttefunksjoner opp mot prosjektene i fusjonsprogrammet og saksforberedelse til interimsstyret.

#### *Innstillingsrådet*

Innstillingsrådet er en videreføring av forhandlingsutvalget fra fusjonens fase 2, og består av:

- Rektor og høgskoledirektør ved HiB
- Rektor og høgskoledirektør ved HSH
- Rektor og viserektor FoU ved HiSF

Innstillingsrådet fungerer i interimfasen, og rådets funksjon har vært å ivareta ansvar og myndighet i saker som har med planlegging av den nye institusjonen å gjøre i påvente av at ny rektor tilsettes og trer i funksjon. Innstillingsrådet sørger for kontinuitet i fusjonsprosessen og ser til at prinsippene i fusjonsavtalen følges opp.

#### *Fusjonsprogrammet*


Målsetningen med fusjonsprogrammet er å planlegge virksomheten i Høgskulen på Vestlandet, slik at denne kan etableres som selvstendig institusjon fra 01.01.2017. Omfanget av arbeidet som skal gjøres i forkant av etableringen av HVL, tilsier en programorganisering med flere underliggende prosjekter. Med tanke på arbeidet som skal gjøres før fusjonstidspunktet har det vært nødvendig å forskuttere programorganiseringen og prosjektarbeidet på vegne av interimsstyret

Utformingen av fusjonsprogrammet har foregått i dialog mellom fusjonssekretariatet og innstillingsrådet. Utpekte prosjekt- og delprosjektledere har også fått programutkastet til gjennomsyn og har hatt anledning til å gi innspill. Det felles informasjons-, drøftings- og forhandlingsutvalget (IDF) har også fått presentert fusjonsprogrammet, og deres kommentarer følger i referatet fra IDF som styret har fått seg forelagt. Modeller og erfaringer fra andre institusjoner i sektoren som har fusjonert har lagt til grunn for arbeidet, og vi har særlig sett til erfaringer fra Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN) og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU). Samtidig skiller vår fusjonsprosess seg fra disse. Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN) var en fusjon mellom to parter, tidligere Høgskolen i Telemark og Høgskolen i Buskerud og Vestfold. Vår prosess mellom tre parter byr på større kompleksitet, og dette har en forsøkt å ta høyde for i utformingen av fusjonsprogrammet. Ved NTNU har mange institusjoner vært involvert, men der har prosessen tatt form av virksomhetsoverdragelse, i motsetning til vår prosess som er en fusjon mellom tre likeverdige parter. Ved utarbeidelsen

av vårt fusjonsprogram har en derfor forsøkt å finne en balanse mellom å lære av andres erfaringer og å finne gode løsninger for vår særegne situasjon.

## Programorganisering

Organiseringen av fusjonsprogrammet er utførlig omtalt i vedlegg 1: «Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH. Programorganisering, prosjekt og mandat», og det henvises til dette for en gjennomgang av programmet i sin helhet. Programorganiseringen vil dermed bare kort omtales her. Følgende figur illustrerer organiseringen i fusjonsprogrammet:



Som det fremgår av figuren er programmet delt inn i seks prosjekter. Prosjektene har ulik størrelse, og prosjektarbeidet er av ulikt omfang.

Forprosjektet *Sikker Drift*<sup>1</sup> startet arbeidet allerede på vårparten. Målsetningen med dette prosjektet er å sikre at administrative funksjoner og støttetjenester som er *virksomhetskritiske* er operative og fungerer fra fusjonstidspunktet. Etter 01.01.17 vil arbeidet i Sikker Drift overføres og ivaretas i Prosjekt Administrative tenester, som skal utvikle administrasjonen som én forvaltningsenhet ved HVL.

Leveransene fra *Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi* vil legge føringer for den faglige organiseringen. Arbeidet i Delprosjekt Leiing og fagleg organisering må dermed utføres i tett samarbeid med dette prosjektet.

*Prosjekt Fagleg og administrativ organisering* er et omfattende prosjekt som må operere med knappe tidsfrister. Prosjektet er derfor organisert i to delprosjekter, og leveransene i Delprosjekt Leiing og fagleg organisering legger føringer for arbeidet og leveransene i Delprosjekt Administrativ organisering.

*Prosjekt Lærerutdanning* er organisert som et eget prosjekt grunnet etableringen av den nye femårige lærerutdanningen i august 2017. Delprosjektene Lektorutdanning 8-13 og

<sup>1</sup> Se nærmere omtale i vedlegg 2.

Arbeidsplassbasert masterutdanning Organisering av lærerutdanningen for øvrig vil falle inn under prosjekt Fagleg og administrativ organisering.

I denne fasen er *Prosjekt Digitalisering* et forprosjekt som skal kartlegge behov og muligheter for digitalisering i den nye høgskolen, både på undervisnings- og forskningssiden og på administrativ side. Prosjektet har intern prosjektleder og prosjektgruppe, men vil også styrkes med ekstern prosjektstøtte for økt kompetanse på digital infrastruktur og fra større digitaliseringsprosjekter.

*Prosjekt Innplassering av leiarar* vil i sin helhet driftes av et eksternt firma for å sikre habilitet og objektivitet i prosessen.

Prosjektene *Fagleg plattform, profil og strategi* og *Fagleg og administrativ organisering* har blitt forsterket med hver sin styringsgruppe. Medlemmene i styringsgruppene bidrar med kompetanse og perspektiv fra ulike nivåer og områder i institusjonene, og rådgir prosjektledelsen i prosjektprosessen. Styringsgruppene bidrar også til økte muligheter for medvirkning i prosessen, og har derfor høy grad av representasjon fra tilsatte og studenter.

Deltakere i prosjektledelse, samt i prosjekt-, delprosjekt- og styringsgrupper er utpekt av innstillingsrådet, med unntak av i Prosjekt Lærerutdanning hvor dekanene i de fusjonerende høgskolene har pekt ut deltakere.

#### *Økonomi*

Budsjett for fusjonsprogrammet vil inngå som del av en større sak om budsjett for HVL 2017, og som vil bli fremlagt for interimsstyret i et senere styremøte høsten 2016.

#### **Kritiske faktorer**

##### *Fremdrift*

Tiden prosjektene har til rådighet er den mest kritiske faktoren i fusjonsprosessen. Tidsvinduet mellom fusjonsvedtak og fusjonstidspunkt er lite, og det er derfor nødvendig å ha fokus på fremdrift og de mest kritiske prosjektleveransene først. Med tanke på mulighetene for å komme i mål, har det derfor vært nødvendig å starte opp arbeidet i prosjektene så tidlig som mulig nå i høst:

- 24.08. arrangerte innstillingsrådet et møte med alle prosjekt- og delprosjektledere, hvor utkastet til programorganisering ble presentert. Innspill fra disse ble innarbeidet i programmet i samråd med innstillingsrådet.
- 02.09. ble det arrangert en oppstartssamling med prosjektledelse og styringsgrupper. Prosjektene gikk gjennom prosjektmandatene, og startet planleggingen av prosjektarbeidet.

Større endringer i det foreliggende forslaget til programorganisering vil få konsekvenser for fremdriften, og dermed måloppnåelsen, i fusjonsprogrammet.

#### **Medvirkning**

I sammenheng med det ovenstående, setter også tiden begrensninger for gjennomføringen av fusjonsprosessen. I neste fase av fusjonsprosessen, implementeringsfasen, vil et større antall medarbeidere engasjeres i prosjektarbeidet enn de som fremgår av det foreliggende programutkastet. På administrativ side vil dette særlig gjelde i Prosjekt Administrative tenester, som i all hovedsak vil benytte ressurser og kompetanse fra Forprosjekt Sikker Drift, som pr. i dag engasjerer et stort antall administrative medarbeidere. På faglig side vil det

gjelde prosessen med samkjøring av utdanningsløp, som vil engasjere et større antall medarbeidere.

Den formelle medvirkningen er ivaretatt gjennom etableringen av felles IDF (informasjons-, drøftings- og forhandlingsutvalg), som i interimfasen består av de 18 hovedtillitsvalgte og hovedverneombudene fra de tre fusjonerende institusjonene.

I en fusjonsprosess er det likevel viktig å legge til rette for bredere medvirkning, og dette søkes gjort på flere måter:

1. De to styringsgruppene har en høy andel representanter fra tjenestemannsorganisasjonene og studentene.
2. Det legges opp til åpne «innspillsseminar» i forkant av arbeidet i prosjektene, slik at eventuelle viktige momenter kan inndras i prosjektarbeidet.
3. Det legges opp til uformelle «høringsmøter» i tilknytning til delleveranser fra prosjektene.
4. Det avholdes formelle høringsrunder i tilknytning til prosjektenes sluttleveranser.

### **Innstilling til vedtak**

Styret tar dokumentet *Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH: Programorganisering, prosjekt og mandat*, til etterretning.

### **Referanser**

1. Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH: Programorganisering, prosjekt og mandat.
2. Organisering av Forprosjekt Sikker Drift.

# Fusjonsprogrammet HIB, HISF og HSH

---

Programorganisering, prosjekt og  
mandat

## Innhold

1.0	Bakgrunn og organisering .....	2
1.1	Bakgrunn .....	2
1.2	Mål .....	3
1.3	Omfang og avgrensing.....	3
1.4	Økonomiske rammer for programmet .....	4
1.5	Prinsipp for organisering av fusjonsprogrammet .....	5
1.6	Organisering av fusjonsprogrammet .....	5
1.6.1	Ansvar og mynde i fusjonsprogrammet.....	6
1.6.2	Ekstern prosjektstøtte.....	9
1.6.3	Oversikt over struktur for mynde i programorganisasjonen .....	10
1.6.4	Arbeids- og kommunikasjonsflyt i prosjektet .....	11
1.7	Risiko- og suksessfaktorar .....	11
2.	Mandat og rammer for prosjekta .....	13
2.1	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi .....	13
2.2	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering .....	15
2.3	Prosjekt Administrative tenester .....	19
2.4	Prosjekt Lærarutdanning .....	21
2.4	Prosjekt Digitalisering .....	26
	Mandat.....	26
	Hovudleveranse .....	26
	Delleveranser .....	26



# Fusjonsprogrammet

## 1.0 Bakgrunn og organisering

### 1.1 Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet (KD) har gjennom St. meld. 18 lagt opp til store strukturelle endringar i universitets- og høgskulesektoren i Noreg. Målet med strukturreforma er auka kvalitet i fag og forskning ved å samle ressursane på færre og større institusjonar. Hausten 2015 gjennomførte Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) ei utgreiing for å sjå om det var grunnlag for å setje i gang ein felles fusjonsprosess med mål om å byggje ein stor og slagkraftig høgskule på Vestlandet. Etter forhandlingar på vårparten vedtok dei tre høgskulestyra 9. juni 2016 å søkje Kunnskapsdepartementet (KD) om å fusjonere dei tre institusjonane til ein ny institusjon med namnet Høgskulen på Vestlandet (HVL). Statsråd vart halde på Oslo slott 17. juni 2016, og følgjande vedtak vart offentleggjort:

«Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund blir organisert frå 1. januar 2017 som ein høgskule under namnet Høgskulen på Vestlandet.»

Med utgangspunkt i det mangfaldige kompetansefellesskapet ved dei tre institusjonane skal Høgskulen på Vestlandet byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon. Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling.

Høgskulen på Vestlandet skal ha ein klar ambisjon om å verte universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Høgskulen på Vestlandet har høge ambisjonar og vil som ein ny fleircampusinstitusjon:

- byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt
- ta ein nasjonal leiarposisjon på område der vi er gode og der vi som ny institusjon kan byggje oss vidare opp
- vidareutvikle dagens studiestader slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag
- svare betre på dei omstillings- og endringsbehova som vil komme
- bli ein konkurransedyktig og attraktiv institusjon for studentar og fagpersonar

Det inneber at Høgskulen på Vestlandet :

- skal bli ein stor, viktig og synleg høgare utdannings- og forskingsinstitusjon
- skal arbeide for å oppnå universitetsstatus
- skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for å ha landets mest nøgde studentar som trivst og lukkast.
- skal leggje til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd på studiestadane.
- skal vere ein mangfaldig og spanande arbeidsplass som tiltrekkjer seg dyktige medarbeidarar med høg kompetanse.

- skal utvikle eit nærare og meir forpliktande samarbeid med kunnskapsinstitusjonane på Vestlandet
- skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling
- skal sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt, og ha større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, arbeids- og næringsliv. Høgskulen på Vestlandet skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av Vestlandsregionen.
- skal bli best i å tilby framtidretta profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå og skal drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde for Høgskulen på Vestlandet
- skal samordne fag- og undervisingstilbod, og skape nye, breiare og spissare tilbod enn institusjonane ville greidd kvar for seg. Høgskulen på Vestlandet skal vere kjend for god tverrfagleg verksemd.
- satse på og utvikle sterke og dynamiske forskingsmiljø på tvers av nærregionar, fag og profesjonar
- skal vere offensiv internasjonalt gjennom forpliktande opplegg for mobilitet i alle utdanningsyklusar, fleksible ordningar for tilsettmobilitet og vere synlege internasjonalt gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forskning.

Høgskulen på Vestlandet vert etablert med deling som drivkraft, ideal og metode. Kunnskap veks når den blir delt. Det vi gjer, skal støtte opp om vekst for ei berekraftig utvikling av samfunns-, arbeids- og næringslivet og for einskildmenneske.

Høgskulen på Vestlandet skal ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar.

Hovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk.

Høgskulen på Vestlandet si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten. Satsinga skal sikre effektiv informasjonsdeling og utvikle framtidretta utdannings-, arbeids- og læringsfellesskap. Høgskulen på Vestlandet skal imøtekome og vere tett på trendane, behova og dei nye teknologiane ein ser innanfor høgare utdanning.

## 1.2 Mål


Føremålet med fusjonen er skildra i fusjonsavtalen og ambisjonsmåla for fusjonen (sjå over), og må ikkje forvekslast med føremålet for fusjonsprogrammet.

Målet med fusjonsprogrammet er å *planleggje verksemda i Høgskulen på Vestlandet* i tråd med dei føringar som er gitt i mellom anna ambisjonsmåla for fusjonen, fusjonsavtalen, gjeldande regelverk og kongeleg resolusjon, *slik at den nye fleircampusinstitusjonen kan etablerast 01.01.17.*

Arbeidet i programmet skal gjennomførast med deling som drivkraft, ideal og metode for slik å bidra til gode løysingar og felles identitet på tvers av fag- og institusjonsgrenser.

## 1.3 Omfang og avgrensing

Fusjonsprosessen er delt i fire fasar:



I **fase 1** vart det gjennomført ei felles **utgreiing** for å sjå om det var grunnlag for å setje i gang ein felles fusjonsprosess med mål om å byggje ein stor og slagkraftig høgskule på Vestlandet. NIFU fekk oppdraget, og rapporten blei styrebehandla ved dei tre institusjonane 4. februar 2016. I desse parallelle styremøta fatta HiB og HSH vedtak om å gå inn i fusjonsforhandlingar. Etter eit tilsvarande vedtak hos HiSF 10. mars var alle dei tre høgskulane over i **forhandlingsfasen (fase 2)**.

Forhandlingsfasen tok slutt med fusjonsvedtak i dei tre høgskulestyra 09.06.16 og kgl. res. 17.06.16.

Dette markerte starten på **interimsfasen**, fase 3, som varer fram til den nye institusjonen vert etablert 1. januar 2017. I denne fasen må det etablerast eit interimsstyre og ein struktur som m.a. sikrar ein felles struktur for avgjerder, prosessar og medverknad. Det er semje om at det skal skipast eit overordna fusjonsprogram med ein programorganisasjon på tvers av dei tre institusjonane. Programorganisasjonen vil førebu saker til interimsstyret og planleggje drifta i den nye høgskulen. For at den nye institusjonen kan tre i kraft som ei juridisk eining 01.01.17, er det først og fremst administrative funksjonar, prosessar og system som må samkøyrast. Dette inneber at den faglege verksemda i mindre grad blir påverka av fusjonsprosessen *i interimsfasen*, med lærarutdanninga som eit viktig unntak grunna den nye femårige masterutdanninga som trer i kraft allereie frå hausten 2017.

Fram til fusjonstidspunktet er det dei sittande styra som er ansvarlege for drifta av dei tre institusjonane. **Interimsstyret vil vere ansvarleg for vedtak som gjeld den nye institusjonen.** Programorganisasjonen er underlagt interimsstyret, og arbeider innanfor rammene av gjeldande lov- og regelverk, kongeleg resolusjon, fusjonsavtalen og styrevedtak i interimsstyret.

Når den nye organisasjonen er etablert, vil arbeidet gå over i ei utviklingsfase der arbeidet blir vidareført i eit organisasjonsutviklingsprosjekt i den nye linjeorganisasjonen (fase 4). Ein vil ikkje bli ferdige med arbeidet som skal gjerast i prosjektet før fusjonstidspunktet, så arbeidet i prosjekta vil halde fram i 2017 (fase 4) med målsetting om full implementering innan 01.01.18 (sjå tidslinje i vedlegg).

#### 1.4 Økonomiske rammer for programmet

Det skal utarbeidast budsjett for prosjekta. Det skal lagast eit samla budsjett for heile fusjonsprogrammet som vert lagt fram for interimsstyret og styra ved dei tre institusjonane.

Kostnadane ved programmet skal så langt som mogeleg dekkjast av SAKS-midlar. Programmet skal etablerast med fokus på kostnadseffektivitet.

### 1.5 Prinsipp for organisering av fusjonsprogrammet


Programmet inneheld fleire prosjekt, som vert administrert saman for å nytte forbindelsane mellom dei på best mogeleg måte.

Følgjande prinsipp er førande for organisering og samspel i programmet:

Programmet skal gjennomførast på tvers av fag- og institusjonsgrenser og skal gjennomførast med deling som drivkraft, ideal og metode.

Alle institusjonane skal vere representerte i programmet, og det skal vere balanse mellom institusjonane når det kjem til leing av prosjekt og delprosjekt. Samansetting av dei ulike gruppene i prosjektorganisasjonen skjer ut frå kompetanse, slik at rett kompetanse kan nyttast på rett plass og bidra til framdrift og gode avgjerder i prosjektet. Samansetting av dei to styringsgruppene i programmet skal mellom anna sikre tilsette og studentar medverknad i samsvar med Hovudavtalen og UH-lova. Deltaking i ulike grupper eller prosjektleiing gir ingen fortrinn i høve til framtidige posisjonar i den nye institusjonen.

### 1.6 Organisering av fusjonsprogrammet



Figuren syner linjene i prosjektorganisasjonen.

Programmet organiserast med følgjande prosjekt:

1. Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
  - a. Eventuelle delprosjekt
2. Prosjekt Fagleg og administrativ organisering
  - a. Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
  - b. Delprosjekt Administrativ organisering
3. Prosjekt Administrative tenester
  - a. Forprosjekt Sikker Drift
4. Prosjekt Lærarutdanning
  - a. Delprosjekt Akkreditering av GLU
  - b. Delprosjekt Lærarutdanning 8-13
  - c. Delprosjekt Arbeidsplassert masterutdanning
5. Prosjekt Digitalisering
  - a. Eventuelle delprosjekt
6. Prosjekt Innplassering av leiarar

Under dei ulike delprosjekta kan det etablerast arbeidsgrupper etter behov. Sidan prosjekta er ulike i omfang, vil talet på arbeidsgrupper variere mellom prosjekta.

Prosjekta 1, 2, 3 og 4 skal leiast og driftast av interne krefter ved dei tre fusjonerande høyskulane.

Prosjekt Digitalisering skal leiast av ein ekstern prosjektleiar i samråd med ein intern kontaktperson, og vil elles ha interne medarbeidarar i prosjektgruppa.

Prosjekt Innplassering av leiarar skal heilt og fullt driftast av eit eksternt firma.

### 1.6.1 Ansvar og mynde i fusjonsprogrammet

#### Interimsstyret<sup>1</sup>

Interimsstyret er programeigar, og har øvste mynde i programorganisasjonen.

Programorganisasjonen rapporterer til interimsstyret, og det er interimsstyret som føreteke endeleg handsaming og gjer vedtak i høve til leveransane frå prosjekta. Oppnemningsbrevet frå Kunnskapsdepartementet slår fast at interimsstyret oppgåver er å:

- «Treffe beslutninger om mål og strategier for den nye høyskolens samlede virksomhet.
- Treffe beslutninger om styring, ledelse, organisering, infrastruktur og driftsmodeller for den nye høyskolen.
- Fremme fellesskap og samarbeid på tvers av de tre høyskolene og utarbeide opplegg for nødvendige omstillingsvedtak.»

#### Innstillingsrådet

Innstillingsrådet sørgjer for kontinuitet frå forhandlingsfasen inn i interimfasen, og fungerer fram til 31.12.16. Innstillingsrådet skal følgje opp prinsippa frå fusjonsavtalen, og drøftar saker før dei vert

---

<sup>1</sup> «Interimsstyret» refererer til fellesstyret for den nye høyskolen. Styret vert etablert hausten 2016, og fungerer som interimsstyre fram til etableringa av Høgskulen på Vestlandet 01.01.17. Frå fusjonstidspunktet er styret det ordinære styret for den nye høyskolen. For tydeleggjere forskjellen frå dagens styre ved dei tre høyskulane, nyttast omgrepet «interimsstyre» gjennom heile teksten i denne planen.

lagt fram for interimsstyret. Drøftingar og perspektiv frå innstillingsrådet skal samanfattast i saksframlegget. Ved eventuell usemje i innstillingsrådet skal det gjerast greie for dei ulike syna i saka til interimsstyret, som tek avgjerd i saka.

Samansetting av innstillingsrådet:

- Rektor Ole-Gunnar Søgner og høgskuledirektør Sonja Irene Dyrkorn, HiB
- Rektor Liv Reidun Grimstveit og høgskuledirektør Tage Båtsvik, HSH
- Rektor Rasmus Stokke og viserektor FoU Erik Kyrkjebø, HiSF

Når ny rektor er tilsett og i funksjon, vil denne ta over innstillingsrådet si rolle i programorganisasjonen.

#### Høgskuledirektør med innstillingsmynde til interimsstyret

Innstillingsrådet har peika ut ein ansvarleg som har innstillingsmynde til interimsstyret i samråd med ekstern styreleiar. Vedkomande legg og til rette for god saksgang mellom fusjonsprogrammet og innstillingsrådet, og er representant for arbeidsgjevar i interimsfasen inntil ny rektor er tilsett og i funksjon. Vedkomande er sekretær for interimsstyret, jf. UH-lova § 10-3, og møter i interimsstyret saman med ekstern styreleiar. Innstillingsrådet har peika ut Tage Båtsvik, HSH, til denne rolla.

#### Styringsgrupper

Det vert etablert styringsgrupper for prosjekt 1 og 2: Fagleg plattform, profil og strategi og Fagleg og administrativ organisering. Styringsgruppene drøfter forslag til prosjekt- og delprosjektplanar. Styringsgruppene skal vidare drøfte leveransane frå delprosjekta, og gje sine vurderingar og råd til prosjektleiar. Tilrådingar frå styringsgruppene skal følgje saken til interimsstyret. Prosjektleiar leier møta i styringsgruppa og har ansvar for å legge til rette for gode diskusjonar i gruppa og at innspel vert synleggjort.

Styringsgruppene ser elles til at prosjektet vert styrt i tråd med overordna målsettingar for fusjonsprogrammet, innanfor mandatet til prosjektet og at prosjektet held framdrifta.

Styringsgruppene skal:

- Drøfte prosjekt- og delprosjektplanar og eventuelle endringar i desse
- Drøfte forslag/rapporter frå delprosjekta/prosjekta og gje sine tilrådingar som følgjer saken vidare
- Vere ein diskusjonspartnar for prosjektleiar og bidra til gode avgjerder i prosjekta

Samansetting av gruppene er omtalt under mandat for delprosjekta, pkt. 2.

#### Prosjekt, prosjektleiing og prosjektgrupper

Alle prosjekta har prosjektgrupper.

Nokon prosjekt vert organisert i delprosjekt, og talet på desse varierer mellom prosjekta. Delprosjekta kan vidare organiserast i arbeidsgrupper der det er tenleg. Korleis dette skal gjerast skal gå fram av prosjekta sine prosjektplanar. *Arbeidet i dei ulike prosjekt-, delprosjekt- og arbeidsgruppene vert særst viktig for utforminga av den nye høgskulen. Her vert det utført kartleggingar og utvikla nye løysingar.* Det er difor særst viktig at samansettinga av dei ulike gruppene skjer på bakgrunn av kompetanse, og tilsette frå dei tre institusjonane vil bli engasjert i dette arbeidet.

Prosjekta får eit mandat som gir retning og rammer for arbeidet (sjå pkt. 2), og prosjekt/delprosjekt får prosjekt- og prosesstøtte frå programsekretariatet.

Prosjektleiinga skal:

- Utarbeide overordna prosjektplan og eventuelle delprosjektplanar
- Ha ansvar for styring, framdrift og leveransar i prosjektet
- Kvalitetssikre det endelege resultatet i prosjektet/delprosjekta opp mot målsettingane og fusjonsavtalen
- Samordne informasjon og koordinere arbeidet på tvers av eventuelle delprosjekt, samt sørge for naudsynt informasjon og koordinering på tvers av prosjekt
- Sikre tilgang til nøkkelpersonale og kompetanse innanfor dei felte prosjektet famnar, og oppnemne eventuelle delprosjekt- og arbeidsgrupper
- Vere knutepunkt for naudsynt informasjons- og kommunikasjonsflyt mellom prosjektet og institusjonane
- Halde programkoordinator informert om status og framdrift i prosjektet
- Halde styringsgruppa informert om status og framdrift i prosjektet
- Halde møte i prosjektgruppa, samt delta i samrådsmøte
- Vere ansvarleg for gjennomføring av (uformelle) høyringsmøte i forbindelse med delleveransar frå prosjektet
- Utforme delrapportar, samt endeleg, samanfatta rapport frå prosjektet inkl. rapporter frå eventuelle delprosjekt

Prosjektleiar og delprosjektleiar/evt. arbeidsgruppeleiarar sørger sjølve for å kome fram til ei god arbeids- og ansvarsfordeling i prosjektarbeidet.

#### Programsekretariat

Det vert etablert eit programsekretariat med utgangspunkt i dei tre høgskulane sine fusjonssekretariat frå fase 2 og naudsynte suppleringar. Sekretariatet vil ha ein todelt funksjon som sekretariat og prosjekt-/prosesstøtte, og vil ha følgjande oppgåver:

*Sekretariatsfunksjonar:*

- Førebu/koordinere saker til interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet i prosessar knytt til fusjonen mellom HiB, HSH og HiSF
- Sekretariat for felles IDF og for arbeidsgjeverfunksjonen i interimfasen
- Sekretariatsfunksjon for prosjekta og delprosjekta
- Gjere utgreiingar som grunnlag for diskusjonar i prosjekta/delprosjekta
- Ta del i kommunikasjons- og informasjonsarbeid i tilknytning til fusjonsprosessen i tråd med vedteken kommunikasjonsplan og i samarbeid med kommunikasjonsmedarbeidarar
- Vere ansvarleg for gjennomføring av formelle høyringar i tilknytning til prosjektarbeidet
- 

*Prosjekt-/prosesstøtte:*

- Gi støtte til prosjekt-/delprosjektleiarar med prosjektplanlegging og design av prosjektprosessar

- Støtte arbeidet med å disponere ressursane i prosjektet
- Støtte prosessen med oppnemning og iverksetting av prosjektgruppene
- Bidra til samspel og koordinering mellom gruppene opp mot prosjektleiinga
- Utveksle og trekke erfaringar frå andre relevante fusjonsprosessar

Kvart prosjekt vil få både sekretariatsressurs og prosjektstøtteressurs frå programsekretariatet.

Samansetting av programsekretariatet:

- Programkoordinator
- Koordinator for styresaker til interimstyret
- Seniorkonsulent (referent/sakshandsaming for interimstyret)
- Kommunikasjonsmedarbeidar
- Medarbeidarar med organisasjons-, prosjekt-, prosess- og endringskompetanse
- Medarbeidarar med utgreiingskompetanse og gode skriftlege formuleringsevner
- Eventuell naudsynt spesialkompetanse

### Programkoordinator

Det vert utpeikt ein programkoordinator som skal ha det praktiske ansvaret for framdrift i programmet og ha koordinerende ansvar på tvers av prosjekta. Med tanke på omfanget i programmet og behovet for god koordinering av aktivitetane på tvers av prosjekt, har programkoordinator ei viktig rolle for å sikre god framdrift. Koordinatoren er også ansvarleg for den praktiske koordineringa av sakene som skal leggast fram for Interimstyret.

Programkoordinator skal:

- Leie arbeidet i programsekretariatet
- Gjere fortløpande risikovurderingar og tilrå justeringar i prosjekt og delprosjekt i tråd med desse
- Samordne tilbakemeldingane frå dei ulike prosjekta og sørgje for koordinering av aktivitetar ut frå vedteken framdriftsplan
- Samordne informasjon og sørgje for god internkommunikasjon i samsvar med kommunikasjonsplan
- Kalle inn til samrådsmøte (prosjektleiarar, delprosjektleiarar og innstillingsrådet)
- Koordinerer førebuing av saker til felles IDF
- Ansvarleg for formelle høyringsrundar
- Rapportere til direktør med innstillende myndighet til interimstyret

### 1.6.2 Ekstern prosjektstøtte

Det vert kopla på ekstern prosjektstøtte frå hausten 2016:

- Ein seniorkonsulent skal støtte prosjektleiinga med prosjektstyring, budsjett- og framdriftskontroll, internkommunikasjon, koordinering og samkøyring av prosjekt, risikovurdering og gevinstrealisering.
- Ein konsulent skal støtte prosjektet med implementering av prosjektstyringsverktøy, samt med prosesstøtte i tilknytning til bruk av verktøyet.
- Prosjektstøtte til Prosjekt Innplassering av leiarar. Endringane som følgje av fusjonen vil kunne gjelde for ca. 80 sittande leiarar ved dei tre fusjonerandrer høgskulane. For å sikre



habilitet og objektivitet i sakshandsaminga, ynskjer høgskulane at eit eksternt firma tek seg av prosessen med innplassering av leiarar i den nye organisasjonsstrukturen, samt innplassering av leiarar som skal over i andre funksjonar. Arbeidet i prosjektet skal munne ut i innstillingar til høgskulestyret.

- Leiar for Prosjekt Digitalisering. Høgskulane ynskjer seg ein prosjektleiar med særskild god kompetanse på digital infrastruktur, digitale system og verktøy og med erfaring frå større digitaliseringsprosjekt i offentlig sektor. Ein prosjektleiar med slik kompetanse skal bidra til å utvikle den digitale satsinga i den nye høgskulen.

### 1.6.3 Oversikt over struktur for mynde i programorganisasjonen

Dei ulike rollene i programorganisasjonen har ulik grad av mynde på dei ulike nivåa. På dei ulike nivåa skal nokon roller *leie* arbeidet (markert med «L»), nokon roller skal *konsulterast* (markert med «K») og nokon roller har *mynde til å ta avgjerder* (markert med «M»). Under følgjer ei oversikt over struktur for mynde på dei ulike nivåa:

Interimsstyret (**M1** – øvste mynde, endeleg avgjerd)

Ekstern styreleiar (**K** – skal konsulterast før saker leggst fram for interimsstyret)

Høgskuledirektør med innstillande mynde til interimsstyret (**M2**)

Medlem i innstillingsråd (**K**)

Felles informasjons-, drøftings- og forhandlingsutval (**K/M**)

Studentorgan (**K**)

Styringsgruppe (**K**)

Prosjektleiar (**L + M3**)

Delprosjektleiar (**L + M4**)

Medarbeidar i prosjekt-/delprosjekt-/arbeidsgruppe (utfører arbeid i prosjekt-/delprosjekt-/arbeidsgruppe)


Programkoordinator (**L** – leiar arbeid i programsekretariatet)

Medarbeidar i programsekretariat (utfører arbeid i programsekretariatet)

Dei tre institusjonane elles/institusjonen elles (**K** – høyringar)

## 1.6.4 Arbeids- og kommunikasjonsflyt i prosjektet

Arbeids- og kommunikasjonsflyt i prosjektet er illustrert i følgende figur:



Modellen skisserer kommunikasjonslinjer mellom nivåa i fusjonsprogrammet, og tilrår jamlege *samrådsmøte* mellom innstillingsrådet, programkoordinator og prosjekt-/delprosjektledere for å sikre god informasjonsflyt og godt grunnlag for avgjerder i prosjektorganisasjonen.

### Samrådsmøte

Samrådsmøtet er ein diskusjonsarena som ivaretek behovet for informasjonsutveksling og kommunikasjon mellom prosjekta og innstillingsrådet, og gir retning for det vidare arbeidet i prosjekta. Innstillingsrådet deltek ved behov. Etter 31.12.16 er ikkje innstillingsrådet lenger i funksjon, og ny rektor tek over innstillingsrådet si rolle.

## 1.7 Risiko- og suksessfaktorar

Forskningsprosjektet «Sunne omstillingsprosesser» ved NTNU<sup>2</sup> peikar på nokre viktige faktorar for vellukka omstilling, som vårt prosjekt skal ta omsyn til. Medvit om lokale normer og omsyn til mangfald er blant dei viktigaste faktorane for god endring i organisasjonar, og prosjektmedarbeidarane vert oppfordra til å møtast for å bli kjende og danne grunnlag for felles forståing, godt samarbeid og trivnad framover.

Samstundes bør det leggest opp til utstrekt bruk av teknologiske hjelpemiddel i form av digital møteverksemd, samskrivingsverktøy, skylagring og prosjektstyringsverktøy då dette vil bidra til effektivitet og framdrift i prosjektet. Det er eit poeng at organisasjonen vert betre kjend med bruken

<sup>2</sup> [http://www.ntnu.no/videre/kurs/Artikkel\\_Sunne\\_omstillingsprosesser.pdf](http://www.ntnu.no/videre/kurs/Artikkel_Sunne_omstillingsprosesser.pdf)

av slike digitale verktøy, då erfaringane frå prosjektsamarbeidet også kan trekkast inn i utviklinga av den nye digitale kvardagen på Høgskulen på Vestlandet.

Vidare er det viktig at næraste leiar er tilgjengeleg for dei tilsette i omstillingsprosessen. Løpande informasjon frå næraste leiar er ei viktig kjelde til tryggleik for tilsette. I prosjektfasen er det i første rekke administrativt tilsette og leiarar som vil oppleve auka belastning. Det blir dermed viktig å sikre at leiarar har mogelegheit til å vere tilstades og dele informasjon med egne tilsette. Gode informasjonskanalar frå prosjektet og ut til leiarar, samt god administrativ støtte i prosjektfasen, vil vere viktig for å få dette til.

Andre faktorar som spelar inn er evne til konstruktiv konflikthandsaming med fokus på sak og løysingar, og tidleg rollavklaring. Den endelege rolleavklaringa må vente til den nye organiseringa er på plass. Det vert etablert ei mellombels organisering i påvente av ny organisasjonsstruktur, som dagens einingar vert flytta inn og kor dei tilsette beheld sine ordinære oppgåver.

Det ovanståande er suksessfaktorar som gjeld for omstillingar generelt. Når det gjeld vårt eige fusjonsprogram er det fleire ting vi tek omsyn til for å minske risikoen i prosjektet. Det gjennomførast ROS-analyser med forslag til konkrete risikoreduserande tiltak på aktuelle områder. Desse følgjer prosjektplanen. Område som har blitt analysert er:

- Sunne omstillingsprosessar – førebyggjande leiing
- Ressurstilgang og kompetanse i prosjektorganisasjonen
- Samanheng i fusjonsprogrammet
- Arbeidsmiljø og –vilkår
- Tillit til avgjerder

Analysane har danna grunnlag for ei risikomatrise som vil bli lagt fram for interimsstyret på eit seinare styremøte i haust.

## 2. Mandat og rammer for prosjekta

Felles for alle prosjekta er at dei skal vurdere behov for kompetansetiltak innanfor sine område og tilrå aktuelle tiltak, her under å vurdere mogelegheitene for samarbeid og kompetanseheving på tvers gjennom deling og mobilitet i den nye høgskulen.

Prosjekta skal utarbeide eigne prosjektplanar og budsjett.

### 2.1 Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi

Mandat:

Målet for prosjektet er å føreslå fagleg plattform, profil og prioriteringar for den nye høgskulen. Prosjektet skal vidare greie ut mogelegheitene for strategisk fagleg utvikling og utarbeide prinsipp og retningslinjer for slik utvikling av den faglege verksemda ved høgskulen og samkøyring av utdanning. Leveransane i prosjektet vil mellom anna danne grunnlag for vidare arbeid med strategisk plan for Høgskulen på Vestlandet for perioden 2018-2023.

Fusjonsavtalen og ambisjonsmåla for fusjonen dannar grunnlag for prosjektarbeidet. Fusjonsavtalen fastslår følgjande prinsipp for fagleg utvikling, som skal liggje til grunn for arbeidet i prosjektet:

- Høgskulen på Vestlandet skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov.
- Master- og doktorgradsutdanningane skal gje meirverdi for nærregionane.
- Ph.d.-programma skal støtte og byggje på profilen og satsingsområda til Høgskulen på Vestlandet.

Arbeidet skal vidare byggje på resultata frå forprosjektet *Overordna fagleg profil og visjon* som dekanane ved dei tre høgskulane gjennomførte våren 2016. Profilen for den nye høgskulen skal setje rammer for og skildre kjerneverksemda ved den nye høgskulen: utdanning, forskning og formidling. Profilen skal, saman med visjonen, uttrykkje den nye høgskulens identitet og viktigaste kjenneteikn.

Høgskulens visjon, universitetsambisjon og profesjonsretta hovudprofil stiller krav til stor grad av samarbeid på tvers av faggrenser, og dette må kome til uttrykk i forslaget frå prosjektgruppa.

Prosjektet skal:

1. Skildre grunnleggjande utdannings- og forskingsområde i den nye høgskulen.
2. Skildre framståande trekk ved utdanningsprogramma og forskingsverksemda.
3. Skildre den nye høgskulen sin eigenart og kjerneverdier.
4. Drøfte prinsipp som skal liggje til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning.
5. Føreslå faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023.
6. Kome med forslag til område kor den nye høgskulen kan vere nasjonalt leiande.
7. Identifisere område kor den nye høgskulen har særleg mogelegheit for å lukkast internasjonalt.
8. Føreslå moglege tverrfaglege satsingsområde for den nye institusjonen.
9. Utarbeide ein plan for realisering av universitetsambisjonen i den nye høgskulen, der eksisterande og planlagde doktorgradsprogram inngår. Rolle og status til dei eksisterande forskingssentra skal vurderast og inkluderast i arbeidet. Målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023.

Det bør etablerast eit eller fleire delprosjekt under hovudprosjektet. Eit av delprosjekta bør omhandle universitetsambisjonen, og truleg eit om utvikling av felles utdanningsløp. Korleis arbeidet skal gjennomførast og korleis prosjektet skal organiserast skal gå fram av prosjektplanen som prosjektleiinga utarbeider.

**Leveranse 1:** Forslag til kjerneverdier, faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen, samt forslag til prinsipp for strategisk utvikling og samkøying av utdanningsløp.

**Leveranse 2:** Forslag til plan for gjennomføring av universitetsambisjonen innan 2023, samt vurdering av forskingssentra si rolle og status i den nye høgskulen.

Det bør og leggest opp til brei medverknad og moglegeheiter for innspel frå tilsette gjennom høyringsmøte. Forslaget går som drøftingssak til interimsstyret, som kan foreta vegval for det vidare arbeidet med utvikling av strategi.

### Styringsgruppe

Prosjektet skal ha styringsgruppe som ser til at prosjektet vert styrt innanfor mandatet og målsettingane med fusjonen og held framdrifta. Styringsgruppa drøfter prosjektplan, resultatata i prosjektet ved kvar hovudmilepåle, samt prosjektrapportar før dei går til handsaming i interimsstyret. Styringsgruppa er ansvarleg for at dei tilrådingane dei gir er i tråd med mandat for prosjektet og målsettingar for fusjonen.

Samansetting av styringsgruppe:

- Knut Steinar Engelsen, HSH (Prosjektleiar, Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi)
- Eva Haukeland Fredriksen, HiB
- Geir Anton Johansen, HiB
- Randi Skår, HiSF
- Stein Joar Hegland, HiSF
- Anne Robbestad, HSH
- 3 tillitsvalde
  - Tina Åsgård, HiB
  - Marit Breivik, HiB
  - Joar Sande, HiSF
- 3 studentrepresentantar, utpeika av studentparlamenta
  - Cecilie Fredheim, HSH
  - Per Walther Lassen, HiSF
  - Eigil Hole Lønning, HiB
- 2 eksterne representantar, utpeika av HiB (kommer)

Prosjektstøtte frå programsekretariatet.

### Prosjektgruppe

Det vert etablert ei prosjektgruppe, som skal utarbeide forslag til organisering av prosjektet saman med prosjektleiar. Gruppa skal vurdere behov for å etablere delprosjekt og/eller arbeidsgrupper i tilknytning til leveransane i prosjektet i etterkant av møte i styringsgruppa. Gruppa skal i det vidare samarbeide med prosjektleiar. Dersom det vert etablert delprosjekt går medlemmane i den koordinerande prosjektgruppa inn som delprosjektleiarar.

Samansetting av koordinerande prosjektgruppe:

- Knut Steinar Engelsen, HSH
- Gro Anita Fønnes Flaten, HiB
- Bjørg Hafslund, HiB
- Randi Skår, HiSF

Prosjektstøtte frå programsekretariatet.

## 2.2 Prosjekt Fagleg og administrativ organisering

### Overordna mandat

Målet for prosjektet er å føreslå struktur og funksjonsområde for fagleg og administrativ leiing på nivå 1, organisering og leiing av fagleg og administrativ verksemd på nivå 2, samt prinsipp for organisering og leiing på nivå 3. Prosjektet skal utgreie og føreslå ulike modellar for slik organisering, og den føreslegne organiseringa skal byggje på prinsippa og ambisjonane i fusjonsavtalen.<sup>3</sup>

Organisering på nivå 1 skal avklarast i tett dialog med styreleiar og/eller ny rektor.

Løysingane som vert føreslått skal bidra til effektivisering og avbyråkratisering i verksemda, i tråd med gjeldande krav frå styresmaktene som nedfelt i tildelingsbrevet.

Prosjektet har to delprosjekt: Leiing og fagleg organisering og Administrativ organisering.

Fusjonsavtalen fastslår følgjande prinsipp for organisering av den nye høgskulen:

#### Leiing:

- Høgskulen på Vestlandet skal ha normalmodellen for leiing etter universitets- og høgskulelova. Det inneber tilsett rektor og ekstern styreleiar.
- Rektor skal ha hovudarbeidsplass i Bergen.
- Det skal vere ein prorektor i kvar nærregion som på vegner av rektor har ansvar for regional utvikling i nærregionen. Prorektorane skal ha eit funksjonsansvar på institusjonsnivå, som t.d. kan vere utdanning, forskning, innovasjon, internasjonalisering eller digitalisering.
- Høgskulen på Vestlandet skal ha gjennomgåande leiing og eins leiing på alle nivå
- Høgskulen på Vestlandet skal ha strategisk fagleg og administrativ leiing på fleire nivå i nærregionane.
- Tilsette skal ha nærleik til fagleg leiing og personalleiing.
- Som hovudregel skal leiarar i den nye institusjonen ha personalansvar for ikkje fleire enn 20-30 tilsette.

#### Fagleg organisering:

- Dei største profesjonsutdanningane skal bli tilbydd i dei tre nærregionane. Andre sterke fag og utdanningar skal ha gode utviklingsmogelegheiter i Høgskulen på Vestlandet.
- Høgskulen på Vestlandet skal ha få og store einingar på nivå 2. I samband med utgreiinga av den faglege organiseringa skal det særskilt vurderast korleis disiplinmiljøa best kan videreutviklast og styrkje den faglege profilen til Høgskulen på Vestlandet.
- Det skal vere utdanning på masternivå på alle studiestadane.

---

<sup>3</sup> Prosjekt Lærarutdanning tek for seg fleire aspekt ved den nye lærarutdanninga ved HVL, men sjølvle leiinga og organiseringa av utdanningane er ein del av Prosjekt Organisering og skal såleis inkluderast her.

- Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som òg styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Det skal vere representantar frå nærregionane i råd og utval.

#### Administrativ organisering:

- Administrativ organisering skal ta utgangspunkt i den faglege organiseringa og det skal veljast administrative løysingar som støtter opp under kjerneverksemda, ivaretek prinsipp for god forvaltning og som samstundes sikrar kvalitet og effektivitet.
- Administrative funksjonar skal tilpassast aktivitet og kompetansebehov i nærregionane og på studiestadane.
- Det bør vurderast om normalt kan vere eit eigna verkemiddel for å ha ein sunn og god balanse mellom faglege og administrative årsverk.

#### Styringsgruppe

Det vert etablert ei felles styringsgruppe for Prosjekt Fagleg og administrativ organisering, som begge delprosjekta fell inn under. Styringsgruppa ser til at prosjektet vert styrt innanfor mandatet og held framdrifta. Styringsgruppa drøfter prosjektplan, resultatata i prosjektet ved kvar hovudmilepål, samt prosjektrapporter før desse går til handsaming i interimsstyret. Styringsgruppa er ansvarleg for at dei tilrådingane dei gir er i tråd med mandat for prosjektet og målsettingar for fusjonen.

#### Samansetting av styringsgruppe:

- Bjørg Kristin Selvik, HiB (Prosjektleder, Prosjekt Fagleg og administrativ organisering)
- Kristin Ravnanger, HiB (Delprosjektleder, Administrativ organisering)
- Wiggo Hustad, HiSF (Delprosjektleder, Prosjekt Fagleg leiing og organisering)
- Asle Holthe, HiB
